Undervisningsspråk Languages used	Fransk og norsk (eller engelsk)	French and Norwegian (or English)
Undervisningssemester Semester of Instruction	Haust og/eller vår.	Autumn and/or spring
Undervisningssteder Places of Instruction	Ved Universitetet i Bergen, ved l'Université du Québec à Montréal eller ved samarbeidsprosjektets partnerinstitusjoner som t. d. Audiatur Poesifestival (Bergen), Den norske oversetterforening (Oslo), Fika(s) skandinavisk kulturfestival (Montreal), Forlaget Marchand de feuilles (Montreal), Coop UQAM bokhandel (Montreal).	At the University of Bergen, at l'Université du Québec à Montréal or at the Collaboration Project's partner institutions, i.e. Audiatur Poetry Festival (Bergen), The Norwegian Translators' Association (Oslo), Fika(s) Scandinavian Culture Festival (Montreal), les Éditions Marchand de feuilles (Montreal), la librairie Coop UQAM (Montreal).
Mål og innhald Objectives and Content	<p>Mål: Emnet skal bidra til å syna den faglege kompetansen franskstudiet gjev i praksis ved aktuelle institusjonar og verksemdar innafor bokindustrien. Gjennom observasjon, samhandling, rettleiing og praktisk utøving skal studentane få betre innsikt og røynsle i yrkesrolle og yrkeshøve.</p> <p>Innhald: Studentane deltek i arbeidsoppgåvene i den institusjonen dei er utplassert i. Det er ein føresetnad at dei får høve til å delta i arbeidsoppgåver som er relevante i forhold til deira faglege kompetanse</p>	<p>Purpose: By offering internships at relevant institutions within the book industry, the purpose of this module is to contribute to a greater awareness of the competence students develop when studying French. Through observation, cooperation, supervision and practical activities, the trainees get the opportunity to acquire more insight and experience in professional roles and work conditions.</p> <p>Content: The students participate in the work tasks of the host institution. It is a prerequisite that they participate in tasks that are relevant both for their</p>

	<p>og i forhold til vertsinstusjonen sine behov.</p> <p>Ved semesterstart vert det etablert kontakt mellom studenten, prosjektkoordinator ved UQAM/UiB og kontaktperson ved vertsinstusjon for å bu studentane på praksisopphaldet. I denne samanheng er det viktig å gjere studentane medvitne om sin eigen kompetanse ved å drøfte korleis dei kan nytte denne ved vertsinstusjonen. Vidare går ein igjennom praktiske utfordringar og forslag til løysningar på situasjonar som kan oppstå.</p> <p>Studentane får rettleiing både frå vertsinstusjon og frå prosjektkoordinator ved UQAM/UiB. Kvar student får minimum ein rettleiingstime, i tillegg til rettleiing i tilknytting til praksisrapporten. I praksisrapporten skal studentane reflektere over verdien av eigen kompetanse på bakgrunn av av den konkrete praksisen.</p> <p>Praksisemnet omfattar 75 timars arbeid ved vertsinstusjonen, anten samanhengande eller spreidd over heile semesteret.</p>	<p>disciplinary competence and for the needs of the institution. In the beginning of the term, contact will be established between the student, the project coordinator at UQAM/UiB, and the contact person at the host institution, in order to prepare the student for the internship. In this context, it is important to strengthen the student's awareness of his/her own competences by discussing how these competences can be used at the host institution. This is also the occasion to discuss practical questions and solutions to possible challenges.</p> <p>The students will be supervised by a contact person at the host institution as well as by project coordinator at UQAM/UiB. Each student will have at least one hour of guidance, besides supervision in connection with the internship report. Based on the internship experience, this report is an invitation to reflect upon the value of one's own competence in relevant work situations.</p> <p>The internship module requires 75 work hours at the host institution, either continuous or spread out over the term.</p>
<p>Læringsutbytte Learning Outcomes</p>	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i <i>kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse</i>:</p>	<p>Having completed the module, the student should have acquired the following learning outcomes defined as <i>knowledge, skills and general competence</i>:</p>
<p>Kunnskap Knowledge</p>	<p>Etter å ha avslutta praksisemnet skal studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ha kjennskap til korleis det er å arbeide ved ei verksemd eller institusjon der utdanninga deira er relevant. • Kunne nytte fagkunnskapane som 	<p>After completing the module the students are expected to:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Have acquired knowledge about working at an institution where their education is relevant. • Know how to use the competences acquired through French studies in real work situations.

	<p>franskstudiet gjev i ein reell arbeidssituasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vite meir om korleis verksemda eller institusjonen dei får praksisplass ved organiserer og utfører arbeidet sitt. 	<ul style="list-style-type: none"> • Know more about how work is organized and carried out at the host institution.
Ferdigheiter Skills	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne kombinere teori med erfaringsbasert læring og reflektere over forholdet mellom teori og praksis. • Kunne relatere spørsmål knytt til franskfaget til konkrete situasjonar i arbeidslivet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Be able to combine theory and experience based learning, and reflect upon the relation between theory and practice. • Be able to relate disciplinary questions to concrete work situations.
Generell kompetanse General competence	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne reflektera meir medvitsfullt over eiga moglege yrkesrolle og yrkeshøve. • Evne å gje ein skriftleg rapport om innhald og relevans av arbeidspraksis. 	<ul style="list-style-type: none"> • Have developed reflective self-awareness regarding possible professional roles and work conditions. • Be able to write a report on the content and relevance of practical work training.
Krav til forkunnskapar Required prerequisite knowledge	<p>Minimum 60 studiepoeng i fransk språk, litteratur og/eller kultur.</p> <p>God munnleg og skriftleg kompetanse i fransk</p> <p>For framandspråklege studentar på utveksling i Norge, krevjast det i tillegg gode engelskkunnskapar.</p>	<p>At least 60 ECTS in French language, literature and/or culture.</p> <p>Good competence in oral and written French. In addition to French, good competence in English is required of foreign exchange students in Norway.</p>
Krav til studierett Required credits/levels.	<p>Emnet har begrensa plass. Dersom det er fleire kvalifiserte søkjarar som vil ta emnet enn det er ledige plassar, vil søkjarane bli prioritert slik:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Studentar som skal fullføre bachelor eller master i fransk 2. Øvrige studentar med studierett ved UiB eller UQAM, prioriterte etter karaktersnitt. <p>Studentar som ønskjer å ta emnet, må levere søknad om utveksling ved</p>	<p>The module can only accept a limited number of students.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Qualified applicants who are completing a bachelor or master degree will be prioritized. 2. Other students from UiB or UQAM will be prioritized according to average grade. <p>Students who wish to take the module must apply for a student exchange period at UQAM (or at UiB for foreign</p>

	<p>UQAM (eller ved UiB for utenlandske studentar) innan ordinære fristar for utveksling. For å bli tatt opp på praksisemnet FRANPRAX må ein søke med eige søknadsskjema [lenke] innan xx for påfølgjande haust og innan xx for påfølgjande vår.</p> <p>Studentane må registrere undervisningsmelding i Studentweb innan gitt frist. Opptak blir kunngjort innan undervisningsstart</p>	<p>students) within the ordinary deadlines for exchange.</p> <p>Applications for the FRANPRAX internship (use this form: [PROVIDE LINK]) must be submitted by XX for the following autumn and by XX for the following spring.</p> <p>The students must register on the Studentweb that they are taking the module within the ordinary deadline. Admissions will be announced before the term starts.</p>
Tilrådde forkunnskapar Recommended prerequisite knowledge	Interesse for litteratur og generell kulturformidling.	Interest in literature and cultural dissemination.
Arbeids- og undervisningsformer Teaching and Learning Methods	<p>Det faglege innhaldet i dette praksisemnet blir knytt opp til vertsinstitusjonen si verksemd, og studentane på praksis skal difor bruke sin språklege og kulturelle kompetanse og faglege tilnærmingar til å arbeide med ulike sider av institusjonen sine oppgåver.</p> <p>Arbeidet utførast under rettleing av kontaktperson ved vertsinstitusjonen og prosjektleiar anten ved UiB eller UQAM.</p>	<p>The disciplinary content of the internship is connected to the activities of the host institutions, and the trainees will therefore use their language skills, cultural competences and disciplinary approaches when working with different aspects of the host institutions tasks.</p> <p>The work will be carried out under the guidance of the contact person at the host institution and the project coordinator at UQAM or UiB.</p>
Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance	Rettleing i samband med praksisperioden og rapportskriving er obligatorisk.	The student is required to seek consultation regarding the training period and while preparing the final report.
Vurderingsformer Forms of Assessment	Etter gjennomført praksisperiode, skriv studenten ein rapport på fransk (omlag 1000 ord) om vertsinstitusjonen, innhaldet i praksisarbeidet og verdien av den konkrete praksisen for studentens faglege og personlege utvikling. Rapporten, samt ein attestasjon frå vertsinstitusjonen på fullført praksis, skal leverast innan tre veker etter avslutta praksisperiode.	After completing the training period at the host institution, the student writes a report in French (ca.1000 words) presenting the host institution, the content of the training period and the value of the practical experience for the student's disciplinary and personal development The report, as well as an attestation from the host institution, shall be submitted within three weeks after the last day of the internship.
Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material	ikkje relevant	not relevant

Karakterskala Grading Scale	"bestått" / "ikkje bestått"	"passed" / "failed"
Vurderingssemester Assessment Semester	haust/vår	autumn/spring
Litteraturliste Reading List	ikkje relevant	not relevant
Emneevaluering Course Evaluation	ein gong i året	once a year
Programansvarleg Course Coordinator	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.	
Emneansvarleg	Fagmiljøet i fransk	
Administrativt ansvarleg Course Administrator	Institutt for framandspråk i samarbeid med UQAM har det administrative ansvaret for emnet.	
Kontaktinformasjon Contact Information	Studierettleiar kan kontaktast her: studierettleiar@if.uib.no	

Emnekode	ITAL201
Namn på emnet, nynorsk	Italiensk grammatikk og omsetjing
Namn på emnet, bokmål	Italiensk grammatikk og oversettelse
Course Title, English	Studies in Italian Grammar and Translation
Studiepoeng, omfang	15
Studienivå	Bachelor
Fulltid/deltid	Fulltid/deltid
Undervisningsspråk	Italiensk og norsk
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald	Emnet skal gje kjennskap til italiensk språk av i dag basert på eit pensum i grammatikk, som normalt vil vere på italiensk. ITAL201 kombinerer grammatikk og omsetjing til og frå norsk basert på eit teoripensum og praktiske øvingar.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> - har ei djupare innsikt i språkvitskaplege omgrep og apparat for grammatisk analyse - har ein djupare kunnskap om italiensk språkstruktur - har evne til å uttrykkje seg skriftleg på italiensk og vere i stand til å skrive resonnerande tekstar påitaliensk <p><u>Dugleik</u> Studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan omsetje middels vanskelege tekstar innanfor ulike sjangrar - har innsikt i kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og italiensk <p><u>Generell kompetanse</u> Studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan vidareutvikle kunnskap og dugleik på sjølvstendig vis
Krav til førekunnskapar	Ingen formelle krav; sjå tilrådde førekunnskapar.
Tilrådde førekunnskapar	ITAL201 føreset førekunnskapar som svarar til emna på 100-nivå.
Studiepoengsreduksjon	
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.

<p>Undervisning og omfang</p> <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	<p>Det vert gjeve om lag 4 timar undervisning i veka i 12 veker: 2 timar seminar i omsetjing frå italiensk til norsk og frå norsk til italiensk. 2 timar førelesing i italiensk grammatikk.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<p>Obligatoriske arbeidskrav</p>	<p>Studentar som skal ta eksamen i ITAL201, må ha levert ei godkjend omsetjing frå italiensk til norsk med eit refleksjonsnotat på ca 1000 som kan skrivast på norsk eller italiensk.</p>
<p>Vurderingsformer</p>	<p>Eksamen i emnet er todelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Ein skriftleg skoleeksamen på tre fire timar i grammatikk. Grammatikkoppgåva vil vera på italiensk, og det skal svarast på italiensk. 2) Ein skriftleg skoleeksamen på tre fire timar i omsetjing frå italiensk til norsk og frå norsk tilitaliensk. <p>Dei to eksamensdelane er sjølvstendige delar av eksamen i emnet og tel kvar 50 prosent av den samla karakteren i emnet. Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester. Studentane har høve til å nytte si eiga italiensk-italienske ordbok under eksamen. Ordboka skal vera fri for tilføyingar.</p> <p>Skoleeksamen kan bli digital.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen</p>	<p>Studentane har høve til å nytte si eiga italiensk-italienske ordbok under eksamen.</p> <p>Ordboka skal vera fri for tilføyingar.</p>
<p>Karakterskala</p>	<p>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
<p>Vurderingssemester</p>	<p>Det blir arrangert eksamen i ITAL201 kvart semester. Regulær eksamen på slutten av undervisningssemesteret og utsatt eksamen midt i påfølgjande semester. Begge eksamensdelane må vere greidd i same semester.</p>
<p>Læremiddelomtale</p>	<p>Omsetjingsdelen har eit teoripensum i omsetjingsvitskap. Grammatikkdelen har eit pensum som normalt vil vere ein grammatikk på italiensk. Pensum vert spesifisert i det pensumoversynet som gjeld til ei kvar tid.</p> <p>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.01. for vårsemesteret.</p>
<p>Emneevaluering</p>	<p>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.</p>

Programansvarleg	Programstyret har ansvaret for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
Administrativt ansvarleg	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Studieplan for Bachelorprogram i japansk
Bachelorprogram i japansk
Bachelor's Programme in Japanese

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Universitetsstyret:(dd.mm.år)

Programstyret:(dd.mm.år)

Humanistisk fakultet:(dd.mm.år)

Studieplanen vart justert: 28.01.2015 (UUI)

Evaluering:

Studieprogrammet vart sist evaluert: haust 2012 (programsensorrappport)

Neste planlagde evaluering: Innan 31.12.2016

Studieplan for Bachelorprogrammet i japansk

Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

- §7-2 i Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften), NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr. 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
- Kapittel 3 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Kategori	Tekst
Namn på studieprogrammet, nynorsk	Bachelorprogram i japansk
Navn på studieprogrammet, bokmål	Bachelorprogram i japansk
Name of the programme of study, English	Bachelor's Programme in Japanese
Namn på grad Name of qualification	Bachelor i japansk
Omfang og studiepoeng ECTS credits	Bachelorprogrammet i japansk har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time	Fulltid
Undervisningsspråk Language of instruction	Undervisningsspråket på japanskemna er japansk og norsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiestart - semester Semester	Haust
Mål og innhald Objectives and content	<p>Mål:</p> <p>Studiet skal formidle forståing for japansk språk og kultur. Med oppnådd bachelorgrad i japansk, meistrar studenten munnleg og skriftlig japansk på høgare mellomnivå. Dette vil svare til nivå 2 i Japanese Language Proficiency Test, som er det nest høgaste nivået i den offisielle japanske språktestinga retta mot utlendingar. Ein vil vidare ha tileigna seg grunnleggjande kunnskapar om regionen som Japan ligg i, og hovudtrekka i japansk historie. Kunnskap om ulike sider ved japansk kultur og samfunn utgjer ein integrert del av språkstudiet, og vil verte forsterka og levandegjort gjennom eit obligatorisk utvekslingsopphald.</p> <p>Hovudvekta i studiet er lagd på kunnskapar om japansk språk, inkludert praktisk meistring av munnleg og skriftleg japansk på høgare mellomnivå. Studenten får òg grunnleggjande kunnskapar om japansk historie og samfunnsstilhøve, samt inngåande kjennskap til den japanske kulturen gjennom språket. Ei avsluttande semesteroppgåve set</p>

	<p>studenten i stand til å avgrense og analysere eit Japan-relatert saksfelt samt søkje fram og handtere relevant kjeldemateriale.</p> <p>Innhald: Studietilbodet i japansk omfattar seks semester, inkludert 90 studiepoeng i spesialiseringa i japansk. I det første semesteret vil ein få ein introduksjon til japansk språk og kultur.</p> <p>Eit utvekslingsopphald på to semester ved et japansk universitet er ein integrert del av studiet. Denne utvekslinga går føre seg i siste del av fjerde, heile femte, og første del av sjette semester. I tillegg til vidare undervisning i moderne japansk språk på mellomnivå, vil studenten òg kunne følgje japanskspråklege eller engelskspråklege kurs over eit breitt spekter av lingvistiske, kulturelle, historiske og litterære emne.</p> <p>Etter fullført utvekslingsopphald vert studiet avslutta ved Universitetet i Bergen. Det sjette og siste semesteret skal studenten skrive semesteroppgåve over eit sjølvvalt emne, som må være godkjent av faglærarane.</p>
<p>Læringsutbyte Required learning outcomes</p>	<p>Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</p> <p>Etter fullført studium:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har inngåande metakunnskap om strukturar i det japanske språket. - har spesialisert kunnskap om eit avgrensa Japan/japansk-relatert felt. - veit korleis ein leitar fram japansk og engelskspråkleg Japan/japansk-relatert stoff frå bibliotek, databasar, internett og andre kjelder. - kan lese slikt stoff med kritisk og kunnskapsbasert blikk. - kan presentere og diskutere problemstillingar relatert til japansk språk og/eller realia, både skriftleg og munnleg. <p><u>Dugleik</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan skrive og lese rundt 1200 ideografiske skriftteikn (kanji). - har tileigna seg vokabular og grammatikk på høgare mellomnivå. - kan lese, skrive, snakke og forstå japansk på høgare mellomnivå. - kan meistre ulike høflegheitsnivå. - kan til ein viss grad bruke respektfullt og audmjukt språk. - kan produsere ein akademisk tekst om ein Japan/japansk-relatert problemstilling. <p><u>Generell kompetanse</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har innsikt i relevante japanskfaglege problemstillingar.

- kan planleggje og gjennomføre prosjektoppgåve som strekkjer seg over tid, og i tråd med etiske krav og retningslinjer.
- kan greie N2 i Japanese Language Proficiency Test.

Etter andre studieår:

Kunnskapar

Kandidaten

- har kunnskapar om språkleg manifestert høflegheit, respektfullt og audmjukt språk.
- har kunnskap om språkleg variasjon.
- har kjennskap til ordspråk.
- har kjennskap til dei kulturelle referansane som finst i japanske folkeeventyr.

Dugleik

Kandidaten

- kan skrive og lese rundt 600 ideografiske skriftteikn (kanji).
- har tileigna seg vokabular og grammatiske strukturar på begynnande mellomnivå.
- kan delta i samtaler om kjente tema i normalt tempo, og på vanleg høflegheitsnivå.
- kan lese, omsetje og gjengi innhaldet i tekstar av ulike sjangrar og om ulike tema ved hjelp av ordbøker eller andre hjelpemiddel.
- kan orientere seg på japanskspråklege internettsider, og hente ut nødvendig informasjon derifrå.

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan greie N3 i Japanese Language Proficiency Test.

Etter første studieår:

Kunnskapar

Kandidaten

- har grunnleggjande realiakunnskapar om Japan.
- har metakunnskap om det japanske språket sin fonologiske, morfologiske og syntaktiske struktur og om skriftteikna si oppbygging, samt grunnleggjande kunnskapar om språktypologiske trekk.

Dugleikar

Kandidaten

- kan skrive og lese stavingsalfabeta og rundt 200 ideografiske skriftteikn (kanji).
- har tileigna seg basisvokabular og basisgrammatikk.
- held enkle samtaler om avgrensa tema i roleg tempo.
- skriv enkle tekstar ved hjelp av ordbøker eller andre hjelpemiddel.
- kan omsetje enkle tekstar frå japansk til norsk.

Generell kompetanse

	<p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan greie nivå N5 i Japanese Language Proficiency Test.
<p>Opptakskrav Admission requirements</p>	<p>Generell studiekompetanse eller realkompetanse.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar Recommended previous knowledge</p>	<p>Ingen</p>
<p>Innføringsemne Introductory courses</p>	<p>Første semester i bachelorprogrammet i japansk inneheld 30 studiepoeng, og er sett saman av JAP100 og innføringsemna:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum (ex.phil) • Examen facultatum (ex.fac.) <p>Examen facultatum inneber eit val mellom emna Språk og kommunikasjon og Tekst og kultur. Emnet Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalde meir enn 10 studiepoeng examen philosophicum og 20 studiepoeng examen facultatum.</p>
<p>Obligatoriske emne Compulsory units</p>	<p>Bachelorprogrammet i japansk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet inneheld 20 studiepoeng med innføringsemne, JAP100 og 90 studiepoeng med spesialisering i japansk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Studiet startar med innføringsemna i det første semesteret, følgt av emna JAP110, JAP120, JAP205 og JAP252. JAP252 fyller gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid i bachelorgraden.</p> <p>I siste del av fjerde, heile femte og første del av sjetten semester følger studenten undervisninga ved eit japansk universitet. Det er progresjonskrav for å kunne reise på utveksling. Studentar må ha bestått JAP110 og JAP120 før utreise. JAP252 fyller gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid i bachelorgraden.</p>
<p>Spesialisering Specialisation</p>	<p>Spesialiseringa i japansk består av emna JAP110, JAP120, JAP205 og JAP252.</p>
<p>Tilrådde valemne Recommended electives</p>	<p>Dei frie studiepoenga tas ved eit japansk universitet. Universiteta vi samarbeider med tilbyr eit breitt spekter av emne. For at studenten skal kunne tileigne seg den dugleiken og kunnskapen studieplanen legg opp til, tilrår vi sterkt at studenten vel emne i japansk språk. Ein kan òg velje emne i andre språkfag, historie- og kulturfag, litteratur, politikk, business eller estetiske fag, eller andre fag som er relevante for studenten sine vidare yrkesplanar.</p>
<p>Rekkefølge for emne i studiet Sequential requirements, courses</p>	<p>Rekkefølge for emne i studiet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. semester (H): Ex.phil., ex.fac. og JAP100 (30 stp) 2. semester (V): JAP110 Japansk språk 1 (30 stp) 3. semester (H): JAP120 Japansk språk 2 (30 stp) 4. semester (V): JAP205 Japansk språk 3 (20 stp) <p>Utveksling (start ultimo mars)</p>

	<p>Frie studiepoeng (10 stp) 5. semester (H): Utveksling Frie studiepoeng (30 stp) 6. semester (V): Utveksling Frie studiepoeng (20 stp) JAP252 (start primo mars) (10 stp)</p> <p>Ein må vere merksam på at japanskemna har faste undervisningssemester. Generelt gjeld at ein fullfører 100-nivå i japansk før ein tek fatt på 200-nivå. Vi tilrår at studenten tar JAP252 i siste semester av studiet.</p>
<p>Delstudium i utlandet Study period abroad</p>	<p>Eit utvekslingsopphald ved eit av dei japanske universiteta vi har avtaler med, er ein obligatorisk del av studiet. Utvekslinga går føre seg i siste del av fjerde, heile femte og første del av sjette semester. Det er progresjonskrav for å kunne reise på utveksling. Studentar må ha bestått JAP110 og JAP120 før utreise.</p> <p>Studiestaden vert bestemt på bakgrunn av den einkilde studenten sitt eige ønskje og faglege kvalifikasjonar. Vi gjer merksam på at det japanske studieåret byrjar 1. april. Kontakt studierettleiar eller faglærar for nærare informasjon.</p>
<p>Undervisningsmetodar Teaching methods</p>	<p>Programmet omfattar ulike undervisningsformer, til dømes førelesingar, seminar/gruppeundervisning og videoframsying. Sjå emneplanen for det einskilte emnet.</p>
<p>Vurderingsformer Assessment methods</p>	<p>Gjennom programmet vert studentane evaluerte på ulike måtar, til dømes tradisjonell skuleeksamen, heimeoppgåver og kunnskapsprøver. I tillegg skriv dei ei rettleidd semesteroppgåve. Sjå emneplanen for det einskilte emnet.</p>
<p>Litteraturliste Reading list</p>	<p>Litteraturliste finn du på Mi side. Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.01 for det komande semesteret.</p>
<p>Karakterskala Grading scale</p>	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer: 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd Sjå emneplanen for det einskilte emnet.</p>
<p>Vitnemål og vitnemålstillegg Diploma and Diploma Supplement</p>	<p>Vitnemål blir skriva ut etter at graden er fullført.</p>
<p>Grunnlag for vidare studium Access to further studies</p>	<p>Ein bachelorgrad i japansk frå UiB gjer det mogleg å søkje opptak ved masterstudium, til dømes ved UiO eller universiteter i utlandet.</p>
<p>Relevans for arbeidsliv Employability</p>	<p>Blant yrkesgrupper der kompetanse i japansk og kjennskap til Japan er nyttig, kan nemnast næringsliv (til dømes turistnæringa, fiskeeksport), og internasjonalt retta organisasjonar, og elles undervisning, forskning, presse og media. Kandidatar med japansk er òg å finna i utanrikstenesta, eller dei er sysselsette med bibliotekarbeid eller omsetjingsoppgåver.</p>

	For å kunne bruke japansk aktivt i jobbsamanheng, er eit lengre opphald i Japan naudsynt.
Evaluering Evaluation	Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
Dugleik og autorisasjon Suitability and authorisation	Ikkje relevant
Programansvarleg Programme committe	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet
Administrativt ansvarleg Administrative responsibility	Humanistisk fakultet v/ Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact information	Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: studierettleiar@if.uib.no

VITNEMÅLSTEKSTAR:

STUDIETS MÅLSETNING (BOKMÅL)

Bachelorprogrammet i japansk består i hovedsak av ulike emner i japansk som fremmedspråk. Hovedvekten i studiet legges på kunnskaper om japansk språk, inkludert praktisk mestring av muntlig og skriftlig japansk på høyere mellomnivå. Studenten får også grunnleggende kunnskap om japansk historie og samfunnsforhold, samt inngående kjennskap til den japanske kulturen gjennom språket. Ett års obligatorisk utvekslingsopphold i Japan er en integrert del av studiet. En avsluttende semesteroppgave setter studenten i stand til å avgrense og analysere et Japan-relatert saksfelt samt søke frem og håndtere relevant kildemateriale.

STUDIETS MÅLSETJING (NYNORSK)

Bachelorprogrammet i japansk er i hovudsak sett saman av ulike emne i japansk som framandspråk. Hovudvekta i studiet er lagd på kunnskapar om japansk språk, inkludert praktisk meistring av munnleg og skriftleg japansk på høgare mellomnivå. Studenten får òg grunnleggjande kunnskapar om japansk historie og samfunnstilhøve, samt inngående kjennskap til den japanske kulturen gjennom språket. Eitt års obligatorisk utvekslingsopphald i Japan er ein integrert del av studiet. Ei avsluttande semesteroppgåve set studenten i stand til å avgrense og analysere eit Japan-relatert saksfelt og søkje fram og handtere relevant kjeldemateriale.

Utdanningsplan for Bachelorprogram i japansk

1. sem. haust	EXPHIL EXFAC JAP100	10 stp 10 stp 10 stp	F F F
2. sem. vår	JAP110	30 stp	OS
3. sem. høst	JAP120	30 stp	OS
4. sem. vår	JAP205 Utveksling (frie studiepoeng)	20 stp 10 stp	OS O
5. sem. høst	Utveksling (frie studiepoeng)	30 stp	O
6. sem. vår	Utveksling (frie studiepoeng) JAP252	20 stp 10 stp	O OS

Emnekode	JAP100
Emnenamn	Japansk historie, samfunn og språk
Engelsk emnenamn	Japanese history, society and language
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust. Emnet går første gong hausten 2016.
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Fagleg overlapp	Det er fagleg overlapp med emnet ASIA100 (10 stp.)
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Studiet gir ein basiskunnskapar i japansk historie og samfunn, og innsikt i Japans rolle i Øst-Asia. Ein vil òg få kunnskapar om det japanske skriftsystemet, og praktisk dugleik i å lese og skrive dei to stavingsalfabeta.
Læringsutbyte/resultat Kunnskap Dugleik Generell kompetanse	<p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskap</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har breie realiakunnskapar om Japan. <p><u>Dugleik</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har tileigna seg dei to stavingsystema i japansk. <p><u>Generell kompetanse</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har innsikt i viktige sider ved japansk historie og samfunnsforhold.
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar, 2 timar i veka i 12 veker.
Obligatorisk undervisningsaktivitet	Innlevering av ei skriftleg oppgåve på cirka 1500 ord om japansk historie og samfunn. Oppgåva må vere godkjent for at kandidaten skal kunne framstille seg til vurdering. Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Dei obligatoriske arbeidskrava Godkjent obligatorisk undervisningsaktivitet er gyldig i eitt semester ut over undervisningssemesteret.
Vurderingsformer	Tre To timar skriftleg eksamen, som vert arrangert kvart semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	800-1000 sider pensum som omfattar japansk samfunn, historie, religionar, filosofi, språk og kultur. Pensum inneheld òg ei innføringsbok i dei japanske stavingsystema.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP110
Emnenamn	Japansk språk 1
Engelsk emnenamn	Japanese Language 1
Studiepoeng	30
Undervisningssemester	Kvart vårsemester Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målet er å gi grunnkunnskapar i japansk språk, med vekt på grammatikk, vokabular og skriftteikn.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har ei forståing av språkssystemet. - har grunnleggjande kulturell innsikt og kjennskap til daglegliv og skikkar. <p><u>Dugleikar:</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan grunnleggjande grammatikk, vokabular og om lag 200 kanji. Hovudvekta ligg på normalt formelt språk, men uformelle former blir også introduserte. - kan presentere seg sjølv og fortelje om dagleglivet sitt både munnleg og skriftleg. <p><u>Generell kompetanse</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har grunnleggjande innsikt i grammatiske strukturar på begynnarnivå. - har eit språkleg nivå tilsvarande Japanese Language Proficiency Test, nivå 5.
Tilrådde forkunnskapar	Kunnskap tilsvarande JAP100.
Krav til forkunnskapar	Fullført JAP100 eller tilsvarande. Studentar kan melde seg til undervisning og vurdering i JAP110 så snart sensuren for JAP100 er klar.
Fagleg overlapp	For studentar som har teke andre emne i japansk med nærliggande pensum, kan det vere overlapp. Ta kontakt med studierettleiar@if.uib.no for nærare informasjon.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr. veke • Veker 	<p>Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppeundervisning samt individuell rettleiing i samband med skriftleg arbeid.</p> <p>Det er om lag 10 timar førelesing og 2 timar samtalegrupper i veka i 12 veker.</p>

Obligatorisk undervisningsaktivitet	<p>Dette emnet har 24 innleveringsoppgåver og kunnskapsprøver, to i kvar veke. Alle desse 24 oppgåvene må vere godkjende i same semester for at kandidaten skal kunne framstille seg til vurdering. Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Godkjent obligatorisk undervisningsaktivitet er berre gyldig i undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformer	<p>Mappeevaluering. 12-7 av dei obligatoriske innleveringsoppgåvene og kunnskapsprøvene skal inngå i mappa. Kanjitestar, skriftlege framstillingar, skuleoppgåver og omsetjingsoppgåver skal vere representerte med tre kvar: tre kanjitestar, tre grammatikktestar og éin stil. Dei utvalde arbeida dannar grunnlag for karaktersetting. Dei einkilde delane tel 1/12 1/7 kvar. Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
Læremiddelomtale	<p>Pensum består av ei innføringsbok i japansk med tilhøyrande arbeidsbok og CD. Verket inneheld dialogtekstar, grammatikkutgreiingar, vokabular, øvingar og skrifteikn. Ei lærebok/øvingsbok i skrifteikn vert også nytta, samt utvalde tekstar som vert utleverte på førelesingane. Det blir utarbeidd ei liste over tilrådd tilleggs litteratur (grammatikkbøker, oppslagsverk og øvingar på internett).</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studieveileder@if.uib.no

Emnekode	JAP120
Emnenamn	Japansk språk 2
Engelsk emnenamn	Japanese Language 2
Studiepoeng	30
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	JAP120 byggjer på JAP110 og har utvida begynnarundervisning i og om det japanske språket, med vekt på språkstruktur, skriftspråk, høfleg tale og praktisk språkbruk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har ei utvida forståing av språksystemet og prinsippa som japanske ordbøker er bygde opp etter. - har kjennskap til uformell tale samt vørdsamt og audmjukt språk. Studentane vert eksponerte for munnleg japansk gjennom lytteøvingar og bruk av multimedia. - har auka kulturell innsikt og kjennskap til daglegliv og skikkar. <p><u>Dugleikar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan grammatikk, vokabular og om lag 200 nye kanji. - har trening i å skrive tekstar på japansk. <p><u>Generell kompetanse</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har grunnleggjande innsikt i grammatiske strukturar på høgare begynnarnivå. - har eit språkleg nivå tilsvarande Japanese Language Proficiency Test, nivå 4.
Tilrådde forkunnskapar	Kunnskapar tilsvarande JAP 110
Krav til forkunnskapar	Fullført JAP110 eller tilsvarande. Studentar kan melde seg til undervisning og vurdering i JAP120 så snart sensuren for JAP110 er klar.
Fagleg overlapp	For studentar som har teke andre emne i japansk med nærliggande pensum, kan det vere overlapp. Ta kontakt med studierettleiar@if.uib.no for nærare informasjon.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr. veke 	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar, gruppeundervisning samt individuell rettleiing i samband med skriftleg arbeid.

• Veker	Det er om lag 10 timar førelesing og 2 timar samtalegrupper i veka i 12 veker.
Obligatorisk undervisningsaktivitet	<p>Dette emnet har 24 innleveringsoppgåver og kunnskapsprøver, to i kvar veke. I tillegg kjem ein munnleg test. Alle desse 24 oppgåvene og den munnlege testen må vere godkjende i same semester for at kandidaten skal kunne framstille seg til vurdering. Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Godkjent obligatorisk undervisningsaktivitet er berre gyldig i undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformer	<p>Mappeevaluering. 12 7 av dei obligatoriske innleveringsoppgåvene og kunnskapsprøvene skal inngå i mappa Kanjitestar, skriftlege framstillingar, skuleoppgåver og omsetjingsoppgåver skal vere representerte med tre kvar: tre kanjitestar, tre grammatikktestar og éin stil. Dei utvalde arbeida dannar grunnlag for karaktersetjing. Dei einskilde delane tel 1/12 1/7 kvar. Vurdering blir arrangert berre i undervisningssemesteret.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Pensum består av ei innføringsbok i japansk med tilhøyrande arbeidsbok og CD. Verket inneheld dialogtekstar, grammatikkutgreiingar, vokabular, øvingar og skrifteikn. Ei lærebok/øvingsbok i skrifteikn vert også nytta, samt utvalde tekstar som vert utleverte på førelesningane. Det blir utarbeidd ei liste over tilrådd tilleggslitteratur (grammatikkbøker, oppslagsverk og øvingar på Internett).</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studieveileder@if.uib.no

Emnekode	JAP205
Emnenamn	Japansk språk 3
Engelsk emnenamn	Japanese Language 3
Studiepoeng	20
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk og japansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	JAP205 byggjer på JAP120, og har undervisning på mellomnivå i og om det japanske språket, med vekt på forståing av tekst i ulike sjangrar.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan lese og forstå autentiske tekstar ved å omsetje dei til norsk. <p><u>Dugleikar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har lært grammatikk, vokabular og skriftteikn på mellomnivå. - har auka dugleik i munnleg japansk og i skrivning av egne tekstar. - har auka lytteforståinga. - kan om lag 200 nye kanji. <p><u>Generell kompetanse</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har grunnleggjande innsikt i grammatiske strukturar på lågare mellomnivå. - har eit språkleg nivå tilsvarande Japanese Language Proficiency Test, nivå 3.
Tilrådde forkunnskapar	Kunnskapar tilsvarande JAP120.
Krav til forkunnskapar	Fullført JAP120 eller tilsvarande. Studentar kan melde seg til undervisning og vurdering i JAP205 så snart sensuren for JAP120 er klar.
Fagleg overlapp	For studentar som har teke andre emne i japansk med nærliggande pensum, kan det vere overlapp. Ta kontakt med studierettleiar@if.uib.no for nærare informasjon.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr. veke • Veker 	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar, gruppeundervisning samt individuell rettleiing i samband med skriftleg arbeid. JAP205 går over 10 veker med om lag 10 undervisningstimar og 2 gruppetimar i veka.
Obligatorisk undervisningsaktivitet	Dette emnet har 8 innleveringsoppgåver og kunnskapsprøver. Alle dei 8 oppgåvene må vere godkjende i same semester for at kandidaten skal kunne framstille seg til

	vurdering. Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Godkjent obligatorisk undervisningsaktivitet er berre gyldig i undervisningssemesteret.
Vurderingsformer	Mappeevaluering. Dei 5 av dei obligatoriske innleveringsoppgåvene og kunnskapsprøvene skal alle inngå i mappa. Kanjitestar, skriftlege framstillingar, skuleoppgåver og omsetjingsoppgåver skal vere representerte med to kvar. : to kanjitestar, to grammatikktestar og éin stil. Dei utvalde arbeida dannar grunnlag for karaktersettning. Dei einskilde delane tel 1/8 1/5 kvar. Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består av lærebøker i japansk på mellomnivå med tilhøyrande cd-ar. Verka inneheld dialogtekstar, prosatekstar, grammatikkutgreiingar, praktiske øvingar og skriftteikn. I tillegg kjem utvalde tekstar som vert utleverte på førelesingane. Det blir utarbeidd ei liste over tilrådd tilleggslitteratur (grammatikkbøker, oppslagsverk og øvingar på internett).
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studieveileder@if.uib.no

Emnekode	JAP252
Emnenamn	Bacheloroppgåve i japansk
Engelsk emnenamn	Term Paper in Japanese
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Kvart vårsemester Vår (andre halvdel) NB: Emnet har oppstart vår 2017
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målet er å gi ei breiare og djupare forståing for ulike sider ved det japanske språket, kulturen og samfunnet og å få trening i kritisk lesing av ulike akademiske tekster og skriving av slike.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan lese akademisk tekst om ulike Japan/japansk-relaterte tema med kritisk blikk og fokus på kunnskap, innsikt og argumentasjon. - har djupnekunnskap om eit avgrensa område innanfor eit japansk-relatert tema. <p><u>Dugleikar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan gjere seg nytte av kunnskapar han/ho har tileigna seg under utvekslingsopphaldet. - kan skrive kort referat av bacheloroppgåva på japansk. <p><u>Generell kompetanse</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan produsere akademisk tekst og ta imot råd og rettleiing undervegs. - kan halde munnleg presentasjon om oppgåvetemaet sitt.
Tilrådde forkunnskapar	JAP100 og 200-nivå i japansk språk.
Krav til forkunnskapar	
Fagleg overlapp	For studentar som har teke andre emne i japansk med nærliggande pensum, kan det vere overlapp. Ta kontakt med studierettleiar@if.uib.no for nærare informasjon.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr. veke • Veker 	Undervisninga vil bli gitt i form av seminar og einskilde førelesingar, med minst 2 timar pr. veke i 8 veker. Undervisninga startar primo mars.
Obligatoriske arbeidskrav	Det er obligatorisk med rettleiing to gonger på bacheloroppgåva. Studentane skal òg ha munnleg framlegging i samband med oppgåva i løpet av semesteret. Samla godkjente arbeidskrav er gyldige berre i undervisningssemesteret.

Vurderingsformer	Ei rettleidd bacheloroppgåve på 10-15 sider om sjølvvalt emne, samt eit resymé på om lag 2 sider av semesteroppgåva på japansk.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består av artiklar frå bøker og tidsskrift som er eigna til diskusjon og framføring av argumentasjon.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studieveileder@if.uib.no

Emnekode	KIN100
Emnenamn	Kultur, historie, samfunn og språk i Kina
Engelsk emnenamn	Culture, History, Society and Language in China
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk/engelsk og kinesisk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Studiet gir basiskunnskapar i kinesisk sivilisasjonshistorie, med særleg vekt på kultur og historie. Det vil òg bli gitt introduksjonsførelesningar om kinesisk språk (kinesisk pinyin og kinesiske teikn).
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Generell kompetanse 	<p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskap</u> Kandidaten - kjenner hovudtrekka i kinesisk sivilisasjonsutvikling, og har kunnskapar om dei viktigaste milepælane i dynastiets historie. - har ei multidimensjonal forståing av det kinesiske samfunnet si moderne historie, gjennom tema som utdanningsutvikling, religion, folkegrupper og politisk system.</p> <p><u>Dugleik</u> Kandidaten - kjenner utsjånaden og oppbygginga til kinesiske teikn, og har tileigna seg begynnardugleik i lesing av kinesiske teikn og pinyin transkripsjon.</p> <p><u>Generell kompetanse</u> Kandidaten - har innsikt i det moderne Kina og det kinesiske folk frå eit historisk og kulturelt perspektiv.</p>
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar, 2 timar i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Det er obligatorisk oppmøte til minst 75 prosent av undervisninga. For å få gå opp til eksamen skal studenten få godkjent ei prøve i kinesisk språk. Prøva gjeld dugleik i pinyin og i å lese kinesiske teikn. Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i undervisningssemesteret og det påfølgjande semesteret.
Vurderingsformer	Tre timar skriftleg eksamen, som vert arrangert kvart semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum inneheld ei begynnarbok og eit kompendium på til saman om lag 500 sider.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Studieplan for Bachelorprogram i russisk
Bachelorprogram i russisk
Bachelor's Programme in Russian

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Universitetsstyret:(dd.mm.år)

Programstyret:(dd.mm.år)

Humanistisk fakultet:(dd.mm.år)

Studieplanen vart justert: 05.09.14 (UUI)

Evaluering:

Studieprogrammet vart sist evaluert: 27.08.2013

Neste planlagde evaluering: Innan 31.12.2015

Studieplan for Bachelorprogrammet i russisk

Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

- §7-2 i *Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høgere utdanning (studietilsynsforskriften)*, NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
- Kapittel 3 i *Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen*, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Kategori	Tekst
Namn på studieprogrammet, nynorsk	Bachelorprogram i russisk
Navn på studieprogrammet, bokmål	Bachelorprogram i russisk
Name of the programme of study, English	Bachelor's programme in Russian
Namn på grad Name of qualification	Bachelor i russisk
Omfang og studiepoeng ECTS credits	Bachelorprogrammet i russisk har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time	Fulltid
Undervisningsspråk Language of instruction	Undervisningsspråka på russiskemna er norsk og russisk. For alle andre fagemne sjå den einskilde emneplanen.
Studiestart - semester Semester	Haust
Mål og innhald Objectives and content	<p>Russisk er det største språket i Europa med over 140 millionar morsmålbukarar og i tillegg er det første framandspråk for ytterlegare 100 millionar i det tidlegare Sovjetunionen. Det er eitt av dei største verdsspråka og eitt av dei seks offisielle språk i FN. Russisk er eit indoeuropeisk språk som høyrer til den slaviske språkfamilien. Russisk kultur, og særleg litteratur, utgjer ein viktig del av den felleseuropeiske kulturarven.</p> <p>Bachelorstudiet i russisk har både eit praktisk og eit teoretisk siktemål: Det skal leggja til rette for å øva opp språklege evner og utvikla forståinga av lingvistiske, kulturelle og litterære fenomen.</p> <p>I undervisninga blir det lagt vekt på praktisk meistring av moderne russisk språk, der studenten får intensiv trening i å snakka, forstå, lesa og skriva russisk. Studenten får elles ei innføring i russisk historie og samfunn og i russisk litteratur.</p>

	<p>Den generelle målsetjinga for russiskstudiet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • å øva opp praktisk og aktiv språkdugleik hjå studentane, både skriftleg og munnleg. • å gje studentane kunnskapar om og innsikt i russisk språk og russisk litteratur, kultur og samfunnstilhøve. • å øva studentane opp til ei sjølvstendig og reflekterande haldning til faget. <p>Etter eitt års studium skal studentane vera i stand til å lesa og forstå tilrettelagte tekstar, føra enkle samtaler om avgrensa tema, skriva enkle tekstar på russisk, og dessutan å omsetja tekstar på eit grunnleggjande nivå mellom russisk og norsk.</p> <p>Etter to år blir det forventa at studentane har tileigna seg eit tilstrekkeleg aktivt og passivt vokabular til å kunna lesa ikkje-adapterte tekstar innan ulike sjangrar med hjelp av ordbok. Dei skal òg kunna meistra alminneleg konversasjon og omsetjing av tekstar på middels nivå.</p> <p>I løpet av dei to første åra vil studenten elles ha fått god innsikt i russisk litteratur, så vel som i russisk historie, kultur og samfunnstilhøve. På den måten er studiet både eit reiskapsfag for utdanning til yrke som krev solide kunnskapar om Russland og eit grunnlag for vidare fordjuping innan dei ulike forskingsfeltene i eit masterstudium i russisk.</p> <p>Studenten kan nytta sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar.</p>
<p>Læringsutbytte Required learning outcomes</p>	<p>Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</p> <p>Etter fullført studium:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Kandidaten har</p> <ul style="list-style-type: none"> • god kunnskap i russisk morfologi og syntaks og utdjupa innsikt i somme grammatiske emne • eit omfattande passivt og relativt stort russisk ordforråd • god kunnskap om omsetjing mellom russisk og norsk • innarbeidd kunnskap om hovudlinene i russisk historie • solid breiddekunnskap om russisk kultur og samfunn • vidfemnande kunnskap om russisk litteratur og djupnekunnskap om somme litterære emne og epokar med hovudvekt på det 19., 20. og 21. hundreår • kunnskap om somme sentrale teoriar, tolkingar og metodar innanfor studiet sine fagområde • spesialisert innsikt på problemfeltet til semesteroppgåva <p><u>Dugleikar</u> Kandidaten kan</p> <ul style="list-style-type: none"> • analysera russisk språkstruktur og gjera greie for russiske

	<p>grammatiske emne i samanlikning med norsk</p> <ul style="list-style-type: none"> • setja russisk standardspråk i perspektiv som ein av fleire varietetar av russisk • forstå og vidareformidla innhaldet i middels vanskelege russiskspråklege tekstar innanfor ulike sjangrar • formulera seg godt på russisk munnleg • nytta kyrillisk handskrift og tastatur og utforma sjølvstendige tekstar på russisk innanfor utvalde sjangrar (samandrag, referat, brev, lesarinnlegg o.a.) • omsetja middels vanskelege tekstar mellom russisk og norsk • analysera ulike typar tekst med hovudvekt på skjønnlitterære tekstar • nytta fagkunnskap og eit utval teoriar, metodar og fortolkingar innan russisk språk- og litteraturvitskap til å vurdera, strukturera og kontekstualisera innhenta informasjon og utforma akademiske tekstar <p><u>Generell kompetanse</u></p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har eit reflektert og kritisk forhold til kjelder og kan nytta eit utval teoriar og metodar innanfor fagområdet til å analysera fagrelaterte emne • har god forståing for sentrale historiske utviklingstrekk, kulturelle uttrykk og samfunnsmessige endringsprosessar innanfor fagområdet • har kompetanse i å tileigna seg russiskspråkleg tekst og tale, formulera seg på russisk både munnleg og skriftleg, og i å omsetja mellom dei to språka • har gjennom arbeidet med heimeoppgåver og semesteroppgåva fått god øving i å planleggja, strukturera og gjennomføra prosjekt som strekkjer seg over tid • har eit godt grunnlag for å ta fatt på masterstudiet i russisk og til å halda fram med eiga kompetanseutvikling og spesialisering
<p>Opptakskrav Admission requirements</p>	<p>Generell studiekompetanse eller realkompetanse.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar Recommended previous knowledge</p>	<p>Ingen</p>
<p>Innføringsemne Introductory courses</p>	<p>Bachelorprogrammet i russisk inneheld 20 studiepoeng med innføringsemne som er sett saman av to obligatoriske emne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum

	<ul style="list-style-type: none"> • Språk og kommunikasjon <p>I tillegg til dei 20 studiepoenga med innføringsemne, rår ein studentane til å velje RUS100 det første semesteret.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 10 studiepoeng eksamen philosophicum og 20 studiepoeng eksamen facultatum.</p>
Obligatoriske emne Compulsory units	<p>Studiet startar med dei tre emna RUS100, EXPHIL og EXFAC00SK i det første semesteret. (Legg merke til at for bachelorprogrammet i russisk vil RUS100, Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk, erstatta EXFAC00AS, Akademisk skriving). Avlagd eksamen i RUS100 er obligatorisk for vidare studium i russisk. Alternativt må ein kunna dokumentera tilsvarande kunnskapar i russisk.</p> <p>I spesialiseringa inngår følgjande obligatoriske emne:, RUS111, RUS112, RUS113, RUS114, RUS211 og RUS252. RUS111SP er ikkje obligatorisk.</p> <p>For å bli teken opp til mastergraden i russisk, må studentar ha teke alle dei obligatoriske emna som utgjer spesialiseringa i bachelorprogrammet.</p>
Spesialisering Specialisation	<p>I spesialiseringa inngår følgjande obligatoriske emne:, RUS111, RUS112, RUS113, RUS114, RUS211 og RUS252. RUS111SP er ikkje obligatorisk.</p> <p>For å bli teken opp til mastergraden i russisk, må studentar ha teke alle dei obligatoriske emna som utgjer spesialiseringa i bachelorprogrammet.</p>
Tilrådde valemne Recommended electives	<p>Bachelorprogrammet i russisk inneheld 70 frie studiepoeng, inkludert RUS100. Studenten kan velja emne innanfor skulefag, språkfag, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar.</p>
Rekkefølgje for emne i studiet Sequential requirements, courses	<p>Døme på rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <p>1. semester (H): RUS100, EXPHIL, EXFAC00SK (30 sp.)</p> <p>2. semester (V): RUS111, RUS112 (30 sp.) RUS111SP (6 sp.)*</p> <p>3. semester (H): RUS113, RUS114 (30 sp.)</p> <p>4. semester (V): RUS211, RUS252, inkludert studieopphald i St. Petersburg (30 sp.)</p> <p>5. semester (H): Frie studiepoeng (30 sp.) eller</p>

	<p>delstudium i utland</p> <p>6. semester (V): Frie studiepoeng (30 sp.) eller delstudium i utland</p> <p>Studentar kan sjølv velja om dei vil følgja det tilrådde løpet eller om dei vil byta om på rekkjefølgja av spesialisering og frie studiepoeng. Ein må då vera merksam på at russiskemna har faste undervisningssemester. Det er uansett tilrådd at ein fullfører 100-nivå i russisk før ein tar fatt på 200-nivå.</p> <p>* RUS111SP er eit valfritt ekstra studieopphald i St. Petersburg etter vårsemesteret.</p>
Delstudium i utlandet Study period abroad	Det er sterkt tilrådd at studentane i løpet av studiet har eitt eller fleire opphald i Russland. Me gjev tilbod om studieopphald ved Det norske universitetssenteret i St. Petersburg etter det andre og i det fjerde semesteret. Dessutan er det mogleg å byggja inn eit studieopphald ved eit russisk universitet i året med frie studiepoeng.
Undervisningsmetodar Teaching methods	Programmet omfattar ulike undervisningsformer; m.a. førelesingar, øvingar og konversasjon i grupper. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Vurderingsformer Assessment methods	Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, t.d. ved mappevurdering, skuleeksamen og munnleg prøve. I emnet RUS252 skriv dei ei rettleidd semesteroppgåve. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Litteraturliste Reading list	Litteraturliste finn du på Mi side. Lista vil vera klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.
Karakterskala Grading scale	Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer: 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Vitnemål og vitnemålstillegg Diploma and Diploma Supplement	Vitnemål blir skriva ut etter at graden er fullført.
Grunnlag for vidare studium Access to further studies	Bachelorprogrammet i russisk kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i russisk.
Relevans for arbeidsliv Employability	Bachelorprogrammet i russisk gjev generell kompetanse som kan nyttast i ei rekkje samanhengar. I tillegg til den praktiske kompetansen du får i det russiske språket, gjev graden ei verdfull innsikt i den russiskspråklege kulturen. Område der kompetanse i russisk og kjennskap til Russland og nabostatane er nyttig, er næringslivet og internasjonalt retta organisasjonar, og elles undervisning, kulturformidling, forlagsverksemd,

	<p>media, reiseliv, offentlig administrasjon og forskning. Personar med russisk i fagkrinsen er òg å finna i utanrikstenesta og i dei andre departementa.</p> <p>Bachelorprogrammet i russisk kan brukast til å undervisa i den vidaregåande skulen. I tillegg blir russisk brukt for variert arbeid både i offentlig og privat sektor innanfor felt der det internasjonaliserte samfunnet treng språk- og kulturkunnskapar.</p> <p>For å kunna bruka russisk aktivt i jobbsamanheng, er lengre Russlandsopphald undervegs i, eller etter studiet tilrådd, eventuelt påbygging med mastergradsstudium.</p> <p>Ved påbygging til mastergrad får du kvalifikasjonar for vidare studium og for forskning, formidling og undervisning på høgare nivå, samt for variert arbeid både i offentlig og privat sektor på felt der det internasjonaliserte samfunnet set høge krav til både språk- og kulturkunnskapar.</p>
Evaluering Evaluation	Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
Skikkaheit og autorisasjon Suitability and authorisation	Ikkje relevant
Programansvarleg Programme committee	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet
Administrativt ansvarleg Administrative responsibility	Det humanistisk fakultet v/ Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact information	Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: Studierettleiar@if.uib.no

VITNEMÅLSTEKSTAR:

STUDIETS MÅLSETJING

Bachelorprogrammet i russisk består av ex.phil, ex.fac. og eit grunnkurs i russisk, halvtanna års studium i ulike emne i russisk som framandspråk, russisk litteratur, historie, samfunnsforhold og kultur og eit års studium av andre fag.

I studiet er det lagt stor vekt på praktisk meistring av moderne russisk språk, der studenten får intensiv trening i å snakka, forstå, lesa og skriva russisk. I tredje semester foregår 6 veker av

studiet i St. Petersburg. Med en bachelorgrad i russisk skal ein kunne lesa russisk litteratur i originalspråket med hjelp av ordbok og meistra alminneleg konversasjon på eit enkelt nivå.

I tillegg til at studenten får grunnleggjande kunnskaper i russisk og god kjennskap til russisk kultur er det lagt vekt på at studenten gjennom studiet utviklar ei sjølvstendig og reflekterande haldning til stoffet.

STUDIETS MÅLSETJING

Bachelorprogrammet i russisk består av ex.phil, ex.fac. og et grunnkurs i russisk, halvannet års studium i ulike emner i russisk som fremmedspråk, russisk litteratur, historie, samfunnsforhold og kultur og et års studium av andre fag.

I studiet er det lagt stor vekt på praktisk mestring av moderne russisk språk, der studenten får intensiv trening i å snakke, forstå, lese og skrive russisk. I tredje semester foregår 6 uker av studiet i St. Petersburg. Med en bachelorgrad i russisk skal en kunne lese russisk litteratur i originalspråket med hjelp av ordbok og mestre alminnelig konversasjon på et enkelt nivå.

I tillegg til at studenten får grunnleggende kunnskaper i russisk og god kjennskap til russisk kultur er det lagt vekt på at studenten gjennom studiet utvikler en selvstendig og reflekterende holdning til stoffet.

Utdanningsplan for Bachelorprogram i russisk, høsten 2014

1.SEM	EXPHIL	10 stp	F
haust	EXFAC	10 stp	F
	RUS100	10 stp	
2.SEM	RUS111	15 stp	SO
vår	RUS112	15 stp	SO
3 SEM	RUS113	15 stp	SO
haust	RUS114	15 stp	SO
4.SEM	RUS211	15 stp	SO
vår	RUS252	15 stp	SO
5.SEM	Frie studiepoeng	30 stp	V
haust			
6.SEM	Frie studiepoeng	30 stp	V
vår			

Emneomtalar

Emnekode	RUS100
Emnenamn	Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk
Engelsk emnenamn	Basic Course in Written and Spoken Russian
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Kurset gjev ei elementær innføring i hovudlinene i russisk språk og realia og skal danna eit godt grunnlag for vidare studium i russisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne: Studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> • har tileigna seg det kyrilliske alfabetet, også i handskrift, og eit elementært vokabular. • har kunnskapar om hovudlinene i russisk uttale og grammatikk. • har basiskunnskapar om russiske realia. • kan lesa, forstå, omsetja og gjera greie for innhaldet i enkle, adapterte tekstar munnleg. • kan føra enkle samtalar på russisk. • kan gjera greie for grunnleggjande fenomen i russisk grammatikk og visa at han/ho også meistrar desse i praksis, både munnleg og skriftleg. • er godt budde til vidare studium i russisk. <p>RUS100 gjev ikkje berre grunnlag for vidare studium i russisk, men kan også koma til nytte i ei rekkje andre studium, yrke og yrkeskombinasjonar.</p> <p>For studentar som ikkje kan dokumentera kunnskapar tilsvarande RUS100 eller har greidd den fagdiagnostiske testen som blir arrangert i byrjinga av kvart semester, er RUS100 eit obligatorisk emne for å kunna ta vidare studium innan russisk bachelor (RUS111, RUS112, RUS113, 114, RUS211 og RUS252).</p>
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Kurset går over heile semesteret, i 12 veker, med minimum 8 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar kombinerte med øvingar, omsetjing, lesevurdering, samtalar og liknande.
Obligatoriske arbeidskrav	1) Oppmøte til minst 70% av undervisninga. Studentane må også levera 70 % (8 av 12) av dei skriftlege innleveringsarbeida.
Vurderingsformer	Ein avsluttande skriftleg skuleeksamen på 4 timar, samt

	<p>munleg eksamen.</p> <p>Ved samanrekning til samla karakter for dei to eksamensdelane tel den skriftlege skuleeksamen 70 % og den munnlege 30 %. Begge delar må vera greidde i same semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Ei begynnarbok blir gjennomgått. I tillegg kjem praktisk fonetikk og enkel konversasjon på russisk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS111
Emnenamn	Russisk grammatikk (1) og Skriftleg russisk (1)
Engelsk emnenamn	Russian Grammar (1) and Written Russian (1)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	RUS111 er sett saman av Russisk grammatikk (1) og Skriftleg russisk (1). Emnet skal gje oversikt over russisk lydlære, formlære og syntaks og øva studentane opp i skriftleg russisk. Kurset skal danna eit grunnlag og vekke interessa for vidare utforsking og bruk av russisk språk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne: Studentane <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskapar og dugleik i teoretisk russisk grammatikk med hovudvekt på morfologi og syntaks. • har utdjupa innsikt i det russiske lydsystemet. • har eit større og meir aktivt ordforråd og auka dugleik i praktisk grammatikk og språkbruk. • er i stand til å omsetja enkle tekstar frå norsk til russisk og skriva korte sjølvstendige tekstar på russisk. • kan nytta russisk i digitale medium
Krav til forkunnskapar	RUS111 byggjer på RUS100, Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk, og det blir kravd faglege føresetnader som svarer til dette emnet.
Fagleg overlapp	Full fagleg overlapp med RUS101
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar per veke • Veker • Totalt • Obligatoriske aktivitetar 	Undervisninga i Russisk grammatikk går over eit heilt semester med 4 timar i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar og øvingar. Undervisninga i Skriftleg russisk går også over eit heilt semester med 2 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera gjennomgang av skriftlege arbeid og øvingar.
Obligatoriske arbeidskrav	Oppmøte til minst 70% av undervisninga. Det blir også kravd at studentane leverer minst 70 % (8 av 12) av dei skriftlege innleveringsarbeida for å kunna avleggja eksamen.
Vurderingsformer	Ein skriftleg skuleeksamen på 6 timar som omfattar både russisk grammatikk og skriftleg russisk (ein skriftleg omsetjing frå norsk til russisk) blir avvikla i slutten av vårsemesteret. Svara på grammatikkoppgåvene skal skrivast på norsk. Ved samanrekning til samla karakter for dei to eksamensdelane tel grammatikk 40 % og omsetjing 60 %. Studenten må ha ståkarakter i begge eksamensdelane.

Karakterskala	Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum inneheld i hovudsak eit grammatikkverk som gjev ei elementær og oversiktleg innføring i russisk grammatikk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringsystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS111SP
Emnenamn	Sumarkurs i russisk språk
Engelsk emnenamn	Summer Course in Russian Language
Studiepoeng	6
Undervisningssemester	Sumar
Undervisningsspråk	Russisk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB
Mål og innhald	Emnet er eit tilbod til studentar som har studert russisk i to semester, men er ikkje obligatorisk. Emnet skal vidareutvikla den munnlege og skriftlege kommunikasjonsevna til studentane, auka kunnskapane deira om russisk språk, kultur og samfunn og betra dugleiken i praktisk russisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne: Studentane <ul style="list-style-type: none"> • har meir etablerte og styrka kunnskapar i grunnleggjande fonetikk, grammatikk og omsetjing. • har eit utvida aktivt og passivt ordforråd. • har betra dugleik i skriftleg, og særskilt munnleg russisk. • har ei utvida innsikt i russisk kultur og samfunn. • har eit betre grunnlag for vidare studiar i faget.
Krav til forkunnskapar	Det blir kravd at studentane har teke RUS100 og RUS111 (eller tilsvarande emne) for å kunna delta på kurset. RUS112 er også sterkt tilrådd.
Fagleg overlapp	Det er full fagleg overlapp med emnet RUS101SP
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Kurset går over 4 veker i mai/juni med 20 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera språklege øvingar og konversasjon.
Obligatoriske arbeidskrav	For deltakarar på kurset er 90% oppmøte til undervisninga obligatorisk.
Vurderingsformer	Greidd/ikkje greidd på grunnlag av frammøte.
Læremiddelomtale	Det grammatikkverket som er pensum på RUS111, og eit utval relevante tekstar og øvingar.
Undervisningsstad	Det norske universitetssenteret i St. Petersburg.
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS112
Emnenamn	Russisk kultur, tekst og tale
Engelsk emnenamn	Russian Culture, Text and Language Use
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	RUS112 omfattar førelesingar i Kultur og praktisk undervisning i Tekst og tale. Emnet skal gje innsikt i russisk historie, kulturhistorie og litteratur og øva opp dugleik i munnleg russisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne: Studentane <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om hovudlinene i russisk historie og kulturhistorie og basiskunnskap om russisk kultur og samfunn. • har utvikla eit reflektert forhold til russisk historie, kultur og samfunn gjennom analysar av ulike historiske utviklingstrekk, kulturelle uttrykk og samfunnsmessige endringsprosessar. • har betre dugleik i å snakka, lesa og forstå russisk. • har øving i å omsetja tekstutdrag, munnleg og skriftleg, frå russisk til norsk. • er i stand til å føra enkle samtaler om dei russiskspråklege pensumtekstane på russisk
Krav til forkunnskapar	RUS112 byggjer på RUS100, Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk, og det blir kravd faglege føresetnader som svarer til dette emnet.
Fagleg overlapp	Full fagleg overlapp med RUS102
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga i Kultur går over eit heilt semester med 1 dobbel førelesing i veka. Undervisninga i Tekst og tale går over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil her vera munnleg og skriftleg omsetjing av pensumtekstar og konversasjon med den russiske språkpedagogen.
Obligatoriske arbeidskrav	Oppmøte til minst 70% av undervisninga og ei godkjent skriftleg heimeoppgåve på omlag 1500 ord om eit kulturrelatert emne. Oppgåva skal skrivast på norsk.
Vurderingsformar	Kultur: Skriftleg skuleeksamen på 5 timar. Svaret på oppgåvene skal skrivast på norsk. Tekst og tale: Munnleg eksamen inneheld lesing og omsetjing av eit tekstavsnitt frå pensum og deretter ein samtale på russisk.

	Ved samanrekning av samla karakter for Kultur og Tekst og tale tel Kultur 60 % og Tekst og tale 40 %. Begge vurderingsdelane må vera greidd i undervisningssemesteret.
Karakterskala	Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Emnet tek utgangspunkt i eit pensum på om lag 100 sider med enkle russiske tekstar, i tillegg til utvald sekundærlitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringsystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS113
Emnenamn	Russisk grammatikk (2) og Skriftleg russisk (2)
Engelsk emnenamn	Russian Grammar (2) and Written Russian (2)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	RUS113 er sett saman av Russisk grammatikk (2) og Skriftleg russisk (2). RUS113 skal utvida kunnskapane i grammatikk til å omfatta alle sentrale emne og utdjupa innsikta i russisk språkstruktur. Studentane skal vidare øva opp dugleiken sin i skriftleg russisk og i omsetjing frå norsk til russisk
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne: Studentane <ul style="list-style-type: none"> • har utvida kunnskap om sentrale emne i grammatikken som aspekt, aksjonsartar, passiv og partisipp. • kan gjera teoretisk greie for fenomenen i russisk grammatikk og visa at han/ho også meistrar desse i praksis. • har auka ordforrådet sitt og dugleiken i praktisk grammatikk og språkbruk. • kan bøya det sentrale ordforrådet. • kan omsetja forholdsvis enkle tekstar med variert ordforråd og tematikk frå norsk til russisk og gje korte skriftlege framstillingar på russisk. • er godt budde på vidare studium i russisk og har ei innsikt i det russiske språkssystemet som gjer det mogleg å vidareutvikla kunnskap og dugleik i russisk på eiga hand, slik at dei kan nyttast i andre studium, yrke og yrkeskombinasjonar
Krav til forkunnskapar	Begge disiplinane i RUS113 byggjer på RUS100 og RUS111 og RUS112, og det blir kravtd faglege føresetnader som svarer til desse emna.
Fagleg overlapp	Full fagleg overlapp med RUS103
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga i Russisk grammatikk (2) vil gå over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar og øvingar. Undervisninga i Skriftleg russisk (2) vil gå over eit heilt semester med 2 timar undervisning i veka. Undervisningsforma er omsetjing frå norsk til russisk og andre skriftlege øvingar.
Obligatoriske arbeidskrav	Oppmøte til minst 70% av undervisninga. Det blir også kravd at studentane leverer minst 70 % (8 av 12) av dei skriftlege innleveringsarbeida.

Vurderingsformer	Skriftleg skuleeksamen på 6 timar som omfattar både Grammatikk og Skriftleg russisk (ei skriftleg omsetjing frå norsk til russisk) blir avvikla i slutten av haustsemesteret. Svara på grammatikkoppgåvene skal skrivast på norsk. Ved samanrekning til samla karakter for dei to eksamensdelane tel grammatikken 60 % og omsetjinga 40 %. Studenten må ha ståkarakter i begge eksamensdelane.
Karakterskala	Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består i hovudsak av eit grammatikkverk som gjev ei elementær og oversiktleg innføring i russisk grammatikk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS114
Emnenamn	Russisk kultur (2), tekst og tale (2)
Engelsk emnenamn	Russian Culture (2) Text and Language Use (2)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Russisk kultur og tekst: Norsk Munnleg russisk (tale): Russisk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	RUS114 omfattar førelesingar i Kultur og praktisk undervisning i Tekst og tale. Emnet skal gje fordjupa innsikt i russisk kultur med hovudvekt på russisk litteratur, øva opp den munnlege dugleiken og gje viktig skrivetrening. RUS114 er ein obligatorisk del av spesialiseringa i russisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne: Studentane <ul style="list-style-type: none"> • har utvida kunnskap om russisk kultur med særskilt vekt på eit fordjupingsområde innan kultur/litteratur. • har betre innsikt i akademisk argumentasjon og korleis ein byggjer opp og formulerer eit akademisk essay. • har vidareutvikla dugleik i å lesa, forstå og kommunisera på russisk. • har øvd opp ferdigheitar i å omsetja tekstutdrag, munnleg og skriftleg, frå russisk til norsk. • er i stand til å uttrykkja seg munnleg på russisk om emne som er relatert til pensum
Krav til forkunnskapar	RUS114 byggjer på RUS100, RUS111 og RUS112, og det blir kravd faglege føresetnader som svarer til desse emna.
Fagleg overlapp	Full fagleg overlapp med RUS154.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	Undervisninga i RUS114 går over eit heilt semester med førelesingar, tekstgjennomgang og 4 timar i veka med munnleg trening.
Obligatoriske arbeidskrav	Oppmøte til minst 70% av undervisninga. Studentane må også møta på rettleiing i samband med essayet. Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige berre i undervisningssemesteret.
Vurderingsformar	Mappevurdering og munnleg eksamen. Det blir arrangert eksamen berre i undervisningssemesteret. I vurderingsmappa inngår eit rettleidd essay og ei skriftleg kunnskapsprøve. Essayet, som er på om lag 2000 ord, skal leverast til fastsett frist. Essayet tel 60% og kunnskapsprøva

	<p>40% av mappa.</p> <p>Munnleg eksamen inneheld lesing og omsetjing av eit tekstavsnitt frå pensum og deretter ein samtale på russisk.</p> <p>Ved fastsetjing av samla karakter tel mappa 70% og munnleg eksamen 30%. Ein må ha ståkarakter i alle vurderingsdelane for å få ståkarakter i heile emnet. Alle vurderingsdelane må vera greidd i eksamenssemesteret.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum omfattar eit utval primærtekstar på russisk og sekundærlitteratur som skal danna grunnlag for kunnskapsprøva og for skriving av essayet.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS211
Emnenamn	Russisk språkstruktur og skriftleg russisk
Engelsk emnenamn	Russian Language Structure and Written Russian
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>Emnet består av dei to disiplinane Russisk grammatikk og Skriftleg russisk. Studentane skal gjennom ei språkvitskapleg tilnærming få god innsikt i strukturen i utvalde emne i russisk språk, og skal utdjupa dugleiken sin i skriftleg russisk og omsetjing frå norsk til russisk.</p> <p>RUS211 skal òg danna eit godt fundament for vidare studium i russisk.</p> <p>Studentane skal få ei forståing av språket sin plass og rolle i eit språkleg, så vel som samfunnsrelatert perspektiv.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Ved fullført emne: Studenten <ul style="list-style-type: none"> • har gode kunnskapar i russisk morfologi og syntaks, og også utdjupa innsikt i nokre utvalde grammatiske emne (som til dømes partisippar, bruk av lang- og kortformer av adjektiv, ordstilling o.a.). • er i stand til å analysere russisk språkstruktur og gjera greie for russiske grammatiske emne i samanlikning med norsk. • Har djupare innsikt i eit språkvitskapleg omgrepsapparat og analyse. • kan omsetja middels vanskelege tekstar innan ulike sjangrar frå norsk til russisk • kan utforma sjølvstendige, resonnerande tekstar på russisk og dermed visa at ein meistrar den teoretiske grammatikken i praksis. • kan setja russisk standardspråk i perspektiv som ein av fleire varietetar av russisk. • er godt budd på eit masterstudium i russisk, men òg i stand til å kunna vidareutvikla kunnskap og dugleik i disiplinen på sjølvstendig vis.
Krav til forkunnskapar	Begge disiplinane i RUS211 byggjer på RUS100, RUS111, RUS112 , og RUS113 og RUS114 , og det blir kravd faglege føresetnader som svarer til desse emna.
Fagleg overlapp	Full fagleg overlapp med RUS201.
Undervisning og omfang Type Timar pr veke Veker	Russisk grammatikk går over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar. Skriftleg russisk går over eit heilt semester med 2 timar undervisning i veka. Undervisninga vil vera gjennomgang av

	skriftlege omsetjingar norsk-russisk og andre skriftlege arbeid og øvingar.
Obligatoriske arbeidskrav	Oppmøte til minst 70% av undervisninga. Det blir kravd at studentane leverer minst ei skriftlig oppgåve som svarer til ei eksamensoppgåve i disiplinen Russisk språkstruktur, og minst 70 % (7 av 10) av innleveringsarbeida i disiplinen Skriftleg russisk, der minst ein skal vera ein fritekst.
Vurderingsformer	Russisk språkstruktur: Skriftleg eksamen på 3-4 timar. Svara på oppgåvene skal skrivast på norsk. Skriftleg russisk (omsetjing til russisk): Skriftleg eksamen på 4 timar. Eksamen går over to dagar. Ved samanrekning av samla karakter i dei to disiplinane tel Russisk grammatikk 60 % og Skriftleg omsetjing 40 %. Studenten må ha ståkarakter i begge disiplinane. Begge vurderingsdelane må vera greidd i same semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Utvalde emne frå ein høveleg grammatikk, supplert med språkvitskapleg litteratur.
Undervisningsstad	Bergen og St. Petersburg
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS252
Emnenamn	Fordjuping i russisk litteratur og munnleg russisk med semesteroppgåve
Engelsk emnenamn	Comprehensive Course in Russian Literature and Language Use with a Semester Paper
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Russisk litteratur: Norsk Munnleg russisk: Russisk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Kurset er sett saman av Russisk litteratur og Munnleg russisk. Emnet skal gje fordjuping i sentrale emne i den russiske litteraturen, opplæring i sjølvstendig akademisk arbeid og danna godt grunnlag for vidare studium i russisk litteratur. Munnleg russisk skal vidareutvikla kommunikasjonsevna til studentane.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne: Studenten <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om pensumtekstane og deira kontekst og kan plassera dei i høve til hovudlinene i russisk kultur- og litteraturhistorie. • har erverva kunnskap om sentrale problemstillingar i russisk litteratur. • har fått ei innføring i diktanalyse og kjennskap til eit sentralt litteraturteoretisk omgrepsapparat. • kan bruka tileigna omgrep og analysemodellar i sjølvstendig tekstanalyse. • har øving og dugleik i kritisk lesing og vurdering av pensumstoffet, men også i å planleggja, strukturera og gjennomføra ei arbeidsoppgåve som strekkjer seg over tid gjennom arbeidet med semesteroppgåva. • har vidareutvikla den generelle dugleiken i russisk og er i stand til å presentera og drøfta problemstillingar knytte til pensum på russisk munnleg.
Krav til forkunnskapar	For å ta eksamen i RUS 252 blir det kravd at studentane har teke RUS100, RUS111, RUS112, RUS113 og RUS114 eller tilsvarande .
Fagleg overlapp	Full fagleg overlapp med RUS202.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Kurset Russisk litteratur går over eit heilt semester med 3-4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar og tekstgjennomgang. Kurset Munnleg russisk går over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera konversasjon og språklege øvingar.
Obligatoriske arbeidskrav	Oppmøte til minst 70% av undervisninga. Studentane må også møta til rettleiing i samband med semesteroppgåva.

	<p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige berre i undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformer	<p>Russisk litteratur: Ei rettleidd oppgåve på om lag 4000 ord som skal leverast før avreise til St. Petersburg.</p> <p>Munnleg russisk: Munnleg eksamen der studentane les, omset og kommenterer ein tekst frå pensum og blir testa i munnleg dugleik og litteratur.</p> <p>Den rettleidde oppgåva må vera greidd før ein kan gå opp til munnleg prøve. Den munnlege prøva får eigen karakter. Ved fastsetjing av endeleg karakter for emnet tel den rettleidde oppgåva to tredelar og den munnlege prøva ein tredel. Ein må ha ståkarakter i alle vurderingsdelane for å få ståkarakter i heile emnet og alle delane må vera greidd i undervisningssemesteret.</p> <p>Semesteroppgåva i RUS252 fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.</p>
Læremiddelomtale	<p>Pensum omfattar skjønnlitterære tekstar på russisk og eit utval relevant sekundærlitteratur.</p>
Undervisningsstad	<p>Bergen og St. Petersburg</p>
Emneevaluering	<p>Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.</p>
Kontaktinformasjon	<p>studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no</p>

Endringer på BAHF-SPLA

Studieprogram:

Endringer gjort for å innlemme Spania i programmet.

- Namnet på programmet er endra frå «Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium» til «Bachelorprogram i spansk og latinamerikastudium».
- **Mål og innhald:** lagt til at studiet også gjev grunnleggjande kunnskapar om Spania.
- **Læringsutbyte:** Mindre språkelege endringer for å inkludere Spania.

SPLA100:

- Namnet endra frå «Introduksjon til spansk språk og latinamerikastudium» til «Introduksjon til spansk og latinamerikastudium»
- Mindre språkelege endringer.

SPLA108:

- **Mål og innhald:** Mindre språkelege endringer for å innlemme Spania.

SPLA109:

- **Mål og innhald:** Mindre språkelege endringer for å innlemme Spania. I tillegg til setning om at det vil vere innslag frå spansk historie.
- **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning:** Endra frå åtte til ti veker, og setning om vektlegging av munnleg trening.

SPLA117:

- **Litteraturliste:** språkleg endring.

SPLA118:

- **Mål og innhald:** Mindre språkelege endringar for å innlemme Spania.

SPLA119:

- **Mål og innhald:** Mindre språkelege endringar for å innlemme Spania.
- **Undervisingsformer og omfang av organisert undervisning:** Endra frå åtte til ti veker.

SPLA207:

- Namnet endra frå «Fordjuping i latinamerikanske variantar av spansk grammatikk» til «Fordjuping i spansk grammatikk med latinamerikanske variantar»

SPLA257:

- Namnet endra frå «Fordjuping i latinamerikanske variantar av spansk grammatikk med bacheloroppgåve» til «Fordjuping i spansk grammatikk med latinamerikanske variantar med bacheloroppgåve»

Studieplan for Bachelorprogram i spansk og latinamerikastudium

Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

§7-2 i Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften), NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
Kapittel 3 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Namn på studieprogrammet, nynorsk	Bachelorprogram i spansk og latinamerikastudium
Navn på studieprogrammet, bokmål	Bachelorprogram i spansk og latinamerikastudium
Name of the programme of study, English	Bachelor's programme in Spanish and Latin American studies
Namn på grad Name of qualification	Bachelor i spansk og latinamerikastudium
Omfang og studiepoeng ECTS credits	Bachelorprogrammet i spansk og latinamerikastudium har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time	Fulltid. Det er òg mogleg å ta studiet på deltid med 50 % studieprogresjon. Normert tid for studiet blir då 6 år.
Undervisningsspråk Language of instruction	All undervisning på emna som inngår i spesialiseringa i spansk og latinamerikastudium, foregår på spansk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiestart - semester Semester	Haust

<p>Mål og innhald</p> <p>Objectives and content</p>	<p>Bachelorprogram i spansk og latinamerikastudium tilbyd ei rad emne som alle <u>har hovudfokus</u> på den spanskspråklege delen av Latin-Amerika. Tre hovuddisiplinar går inn i studiet: (1) språk, (2) litteratur og (3) historie og kulturkunnskap. Undervisninga i spesialiseringsfaget går føre seg på spansk.</p> <p>Studiet har både eit praktisk og eit teoretisk siktemål: Det skal leggja til rette for å øva opp språklege evner og utvikla forståinga av lingvistiske, kulturelle og litterære fenomen. På den måten er det både reiskapsfag for utdanning til yrke som krev solide kunnskarar om Latin-Amerika, og eit grunnlag for vidare fordjuping innan dei ulike forskingsfelta i latinamerikastudiet. Studiet gjev også grunnleggjande kunnskarar om Spania.</p> <p>Spansk og latinamerikastudium kan med utbyte kombinerast med andre språkfag, allmenn litteraturvitskap, lingvistik, historie, sosialantropologi, samanliknande politikk, medievitenskap eller geografi. Kombinasjonar som femner om utdanning frå andre fakultet, eller frå institusjonar utanfor universitetet, er òg moglege.</p>
<p>Læringsutbyte</p> <p>Required learning outcomes</p>	<p>Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskarar, dugleikar/ferdigheiter og generell kompetanse:</p> <p>Kunnskap</p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har brei generell kunnskap om sentrale tema, teoriar, problemstillingar, prosessar, verkty og metodar innan spansk språk og latinamerikansk kultur/historie og litteratur. - kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innan faget. - kan oppdatera kunnskapen sin innan fagområdet. <p>Dugleik/Ferdigheiter</p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskarar.

	<ul style="list-style-type: none"> - kan skjønna og bruka moderne spansk munnleg og skriftleg. - brukar kunnskapane sine kritisk og reflekterer over eigen fagleg praksis innafor alle dei tre disiplinane som inngår i spesialiseringa. - kan gå vidare med eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte innafor alle tre disiplinane. <p>Generell kompetanse</p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan oppnå læringsutbyttet gjennom å studera sentrale tema og problemstillingar i spansk språk og språkvariantar i dei spansktalande samfunna, kulturane og/eller litteraturen i Latin-Amerika og Spania, og gjennom å få innsyn i ulike fagtradisjonar og deira måte å tilnærma seg fagfeltet på. - kan nytta ein kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar. - kan formidla sentralt fagstoff som teoriar, problemstillingar og løysingar både skriftleg og munnleg.
<p>Opptakskrav</p> <p>Admission requirements</p>	<p>Generell studiekompetanse eller realkompetanse.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar</p> <p>Recommended previous knowledge</p>	<p>Spansk innføringskurs eller kunnskapar tilsvarande Spansk nivå II frå vidaregåande skole. All undervisning på emna som inngår i spesialiseringa i spansk og latinamerikastudium, foregår på spansk.</p>
<p>Innføringsemne</p> <p>Introductory courses</p>	<p>Bachelorprogrammet i spansk og latinamerikastudium inneheld 20 studiepoeng med innføringsemne og er sett saman av:</p> <p>Examen philosophicum</p> <p>Tekst og kultur</p> <p style="padding-left: 40px;"><u>eller</u> Språk og kommunikasjon</p> <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p>

Læringsutbyte Learning Outcomes	<p><u>Kunnskap:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har solid kunnskap om eit tematisk avgrensa emne innan latinamerikanske språkvariantar av spansk grammatikk.</p> <p><u>Dugleik:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>kan bruka grammatisk terminologi og akademisk refleksjon i analysen av praktiske og teoretiske problemstillingar innan latinamerikansk språk og grammatikk.</p> <p>har vidareutvikla den språklege kompetansen, særleg med omsyn til å gjere greie for språklege og grammatiske spørsmål.</p> <p><u>Grunnkompetanse:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i spansk språk og latinamerikastudium (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne).</p>
Krav til forkunnskapar Required Previous Knowledge	Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på spanskkunnskapar og kunnskapar innan spansk grammatikk som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium.
Tilrådde forkunnskapar Recommended previous Knowledge	SPLA257 baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA107 og SPLA117.
Studiepoengsreduksjon Credit Reduction due to Course Overlap	SPLA207 (10 stp), SPLA201/251 (10 stp), SLAN640 (5 stp)
Krav til Studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.

<p>Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning</p> <p>Teaching Methods and Extent of Organized Teaching</p>	<p>Undervisninga er organisert som førelesingar/seminar, og går over åtte veker med to undervisningstimar i veka. I tillegg vert det normalt gruppeundervisning to timar i veka i fire veker. Undervisninga går saman med SPLA207.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<p>Obligatorisk undervisningsaktivitet</p> <p>Compulsory Assignments and Attendance</p>	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Den rettleidde oppgåva som vert omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det vert sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/telefon vert normalt ikkje gitt.</p> <p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
<p>Vurderingsformer</p> <p>Forms of Assessment</p>	<p><i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i></p> <p>Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 10 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel høvesvis 60 og 40 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA257. Både eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Ein kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med SPLA250-kode i same semester.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen</p> <p>Examination Support</p>	

Karakterskala Grading Scale	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Vurderingssemester Assessment Semester	Haut/Vår
Litteraturliste	Pensum er i hovudsak ein referansegrammatikk.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>
Emneansvarleg	
Administrativt ansvarleg Course Administrator	<i>Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>
Kontaktinformasjon	Studierettleiar kan kontaktast her: Studierettleiar@if.uib.no

Kategori	Tekst
Emnekode	SPLA208
Namn på emnet, nynorsk	Fordjuping i latinamerikansk litteratur
Namn på emnet, bokmål	Fordypning i latinamerikansk litteratur
Course Title, English	Advanced studies in Latin American Literature
Studiepoeng, omfang	10
Studienivå (studiesyklus)	Bachelor

Fulltid/deltid Full-time/Part-time	Fulltid
Undervisningsspråk	Spansk
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content	<p>SPLA208 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk litteratur på 10 studiepoeng. Tema for undervisninga vil variera frå semester til semester.</p> <p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit tema frå latinamerikansk litteratur, t.d. ein periode, ein sjanger, eit tema, ein nasjonallitteratur eller liknande.</p> <p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innanfor fagfeltet, og djupare kunnskapar innanfor eit avgrensa område. Dei skal arbeida sjølvstendig med faglege problemstillingar og halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.</p>

<p>Læringsutbytte</p> <p>Learning Outcomes</p>	<p><u>Kunnskap:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har solid kunnskap om eit tematisk avgrensa emne innan spanskamerikansk litteratur</p> <p>har større innsyn i kontekstuelle samanhengar, litterært og kulturelt</p> <p><u>Dugleik:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har utvikla evne til å bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar som gjeld spanskamerikansk litteratur</p> <p>har vidareutvikla den språklege kompetansen, særleg med omsyn til å gjera greie for litterære, kulturelle og fagleg meir komplekse spørsmål</p> <p><u>Grunnkompetanse:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i spansk og latinamerikastudium (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne).</p>
<p>Krav til forkunnskapar</p> <p>Required Previous Knowledge</p>	<p>Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på fagkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar</p> <p>Recommended previous Knowledge</p>	<p>SPLA208 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA108 og SPLA118.</p>
<p>Studiepoengsreduksjon</p> <p>Credit Reduction due to Course Overlap</p>	<p>SPLA258 (10 stp), SPLA202/252 (10 stp) og SLAN641 (10 stp).</p>
<p>Krav til Studierett</p>	<p>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</p>

<p>Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning</p> <p>Teaching Methods and Extent of Organized Teaching</p>	<p>Undervisninga er organisert som førelesingar/seminar, og går over ti veker med fire undervisningstimar i veka. Undervisninga fell saman med undervisninga for SPLA258.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<p>Obligatorisk undervisningsaktivitet</p> <p>Compulsory Assignments and Attendance</p>	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Det obligatoriske arbeidskravet er gyldig i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
<p>Vurderingsformer</p>	<p><i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i></p> <p>Vurderingsforma er ein 4-timars skuleeksamen som vert skriven på spansk. Karakteren vert sett på grunnlag av både innhald og språk. Eksamen kan bli digital.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen</p> <p>Examination Support Material</p>	<p>Studentane kan nytta eitt-språkleg og to-språkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på eksamensdagen. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.</p>
<p>Karakterskala</p> <p>Grading Scale</p>	<p>Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
<p>Vurderingssemester</p> <p>Assessment Semester</p>	<p>Vår/Haust</p>

Litteraturliste	<p>Pensum (om lag 600 sider) skal innehalda utvalde skjønnlitterære verk og tekstar, og dessutan litteraturvitskaplege og –historiske artiklar knytte til desse.</p> <p>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Ein kan i særskilte høve få løyve til å leggja opp pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.</p> <p>Pensumutvalet har så langt det er råd ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannlege forfattarar.</p>
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>
Emneansvarleg	
Administrativt ansvarleg Course Administrator	<i>Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>
Kontaktinformasjon	<p>Studierettleiar kan kontaktast her:</p> <p>Studierettleiar@if.uib.no</p>

Kategori	Tekst
Emnekode	SPLA258
Namn på emnet, nynorsk	Fordjuping i latinamerikansk litteratur med bacheloroppgåve
Namn på emnet, bokmål	Fordypning i latinamerikansk litteratur med bacheloroppgave
Course Title, English	Advanced studies in Latin American Literature with Bachelor Thesis
Studiepoeng, omfang	10
Studienivå (studiesyklus)	Bachelor

Fulltid/deltid Full-time/Part-time	Fulltid
Undervisningsspråk	Spansk
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content	<p>SPLA258 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk litteratur på 10 studiepoeng. Tema for undervisninga vil variera frå semester til semester.</p> <p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit tema frå latinamerikansk litteratur, t.d. ein periode, ein sjanger, eit tema, ein nasjonallitteratur eller liknande.</p> <p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innanfor fagfeltet, og djupare kunnskapar innanfor eit avgrensa område. Dei skal arbeida sjølvstendig med faglege problemstillingar og halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering</p>

<p>Læringsutbytte</p> <p>Learning Outcomes</p>	<p><u>Kunnskap:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har solid kunnskap om eit tematisk avgrensa emne innan spanskamerikansk litteratur</p> <p>har større innsyn i kontekstuelle samanhengar, litterært og kulturelt</p> <p><u>Dugleik:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har utvikla evne til å bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar som gjeld spanskamerikansk litteratur</p> <p>har vidareutvikla den språklege kompetansen, særleg med omsyn til å gjera greie for litterære, kulturelle og fagleg meir komplekse spørsmål</p> <p><u>Grunnkompetanse:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i spansk og latinamerikastudium (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne).</p>
<p>Krav til forkunnskapar</p> <p>Required Previous Knowledge</p>	<p>Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på fagkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar</p> <p>Recommended previous Knowledge</p>	<p>SPLA258 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA108 og SPLA118.</p>
<p>Studiepoengsreduksjon</p> <p>Credit Reduction due to Course Overlap</p>	<p>SPLA208 (10 stp), SPLA202/252 (10 stp), SLAN641 (10 stp)</p>
<p>Krav til Studierett</p> <p>Access to the Course</p>	<p>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</p>

<p>Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning</p> <p>Teaching Methods and Extent of Organized Teaching</p>	<p>Undervisninga er organisert som førelesingar/seminar, og går over ti veker med fire undervisningstimar i veka. Undervisninga fell saman med undervisninga for SPLA208.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<p>Obligatorisk undervisningsaktivitet</p> <p>Compulsory Assignments and Attendance</p>	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Den rettleidde oppgåva som vert omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det vert sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/telefon vert normalt ikkje gitt.</p> <p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
<p>Vurderingsformer</p> <p>Forms of Assessment</p>	<p><i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i></p> <p>Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 10 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel høvesvis 60 og 40 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA258. Både eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Ein kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med SPLA250-kode i same semester.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen</p> <p>Examination Support Material</p>	
<p>Karakterskala</p> <p>Grading Scale</p>	<p>Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>

Vurderingssemester Assessment Semester	Vår/Haust
Litteraturliste	<p>Pensum (om lag 600 sider) skal innehalda utvalde skjønnlitterære verk og tekstar, og dessutan litteraturvitskaplege og –historiske artiklar knytte til desse.</p> <p>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Ein kan i særskilte høve få løyve til å leggja opp pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.</p> <p>Pensumutvalet har så langt det er råd ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannelege forfattarar.</p>
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>
Emneansvarleg	
Administrativt ansvarleg Course Administrator	<i>Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>
Kontaktinformasjon	<p>Studierettleiar kan kontaktast her:</p> <p>Studierettleiar@if.uib.no</p>

Kategori	Tekst
Emnekode	SPLA209
Namn på emnet, nynorsk	Fordjuping i latinamerikansk kulturkunnskap
Namn på emnet, bokmål	Fordypning i latinamerikansk kulturkunnskap
Course Title, English	Advanced studies in Latin American History and Culture
Studiepoeng, omfang	10
Studienivå (studiesyklus)	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time	Fulltid
Undervisningsspråk	Spansk
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content	<p>SPLA209 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap på 10 studiepoeng. Tema kan variera frå semester til semester. Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka sine kunnskarar kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis. Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit emne frå latinamerikansk kulturkunnskap, t.d. ein periode, eit land, eit tema. Studentane skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.</p>

<p>Læringsutbytte</p> <p>Learning Outcomes</p>	<p><u>Kunnskap:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har utdjupande kunnskap om eit emne innan latinamerikansk kulturkunnskap.</p> <p>har forståing for korleis det aktuelle emnet pregar den latinamerikanske røynda.</p> <p>kan gjera greie for korleis det aktuelle emnet heng saman med sentrale trekk i latinamerikansk historie og kulturkunnskap</p> <p><u>Dugleik:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>kan bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar innan latinamerikansk kulturkunnskap.</p> <p>har utvikla den språklege kompetansen sin, særlig med omsyn til å tolka ulike spanske tekstar innan feltet latinamerikansk kulturkunnskap.</p> <p><u>Grunnkompetanse:</u></p> <p>Kandidaten</p> <p>har kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i spansk språk og latinamerikastudium (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne).</p>
<p>Krav til forkunnskapar</p> <p>Required Previous Knowledge</p>	<p>Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på fagkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar</p> <p>Recommended previous Knowledge</p>	<p>SPLA209 legg til grunn spanskunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA109 og SPLA119.</p>
<p>Studiepoengsreduksjon</p> <p>Credit Reduction due to Course Overlap</p>	<p>SPLA259 (10 stp), SPLA203/253 (10 stp) og SLAN642 (10 stp)</p>
<p>Krav til Studierett</p>	<p>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.</p>

<p>Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning</p> <p>Teaching Methods and Extent of Organized Teaching</p>	<p>Studietilbudet inneheld både førelesingar og seminar. Undervisninga går saman med SPLA259. Det vert normalt gitt undervisning fire timar i veka i åtte veker. Det kan også verta aktuelt å organisera undervisninga i større blokker.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbudet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<p>Obligatorisk undervisningsaktivitet</p> <p>Compulsory Assignments and Attendance</p>	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Det obligatoriske arbeidskravet er gyldig i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
<p>Vurderingsformer</p>	<p><i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i></p> <p>Vurderingsforma er ein 4-timars skuleeksamen som vert skriven på spansk. Karakteren vert sett på grunnlag av både innhald og språk. Eksamen kan bli digital.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen</p> <p>Examination Support Material</p>	<p>Studentane kan nytta eitt-språkleg og to-språkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på eksamensdagen. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.</p>
<p>Karakterskala</p> <p>Grading Scale</p>	<p>Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
<p>Vurderingssemester</p> <p>Assessment Semester</p>	<p>Vår/Haust</p>
<p>Litteraturliste</p>	<p>Pensum (om lag 550 sider) skal innehalda utvalde historiske kjeldetekstar og vitskapelege artiklar/essays og oversynsverk knytte til desse.</p> <p>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Ein kan i særskilte høve få løyve til å leggja opp pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.</p>

Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>
Emneansvarleg	
Administrativt ansvarleg Course Administrator	<i>Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>
Kontaktinformasjon	Studierettleiar kan kontaktast her: Studierettleiar@if.uib.no

Kategori	Tekst
Emnekode	SPLA259
Namn på emnet, nynorsk	Fordyping i latinamerikansk kulturkunnskap med bacheloroppgåve
Namn på emnet, bokmål	Fordypning i latinamerikansk kulturkunnskap med bacheloroppgave
Course Title, English	Advanced studies in Latin American History and Culture with Bachelor Thesis
Studiepoeng, omfang	10
Studienivå (studiesyklus)	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time	Fulltid
Undervisningsspråk	Spansk
Undervisningssemester	Vår

Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content	SPLA259 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap på 10 studiepoeng. Tema kan variera frå semester til semester. Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka sine kunnskapar kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis. Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit emne frå latinamerikansk kulturkunnskap, t.d. ein periode, eit land, eit tema. Studentane skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.
Læringsutbyte Learning Outcomes	<u>Kunnskap:</u> Kandidaten har utdjupande kunnskap om eit emne innan latinamerikansk kulturkunnskap. har forståing for korleis det aktuelle emnet pregar den latinamerikanske røynda. kan gjera greie for korleis det aktuelle emnet heng saman med sentrale trekk i latinamerikansk historie og kulturkunnskap <u>Dugleik:</u> Kandidaten kan bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar innan latinamerikansk kulturkunnskap. har utvikla den språklege kompetansen sin, særleg med omsyn til å tolka ulike spanske tekstar innan feltet latinamerikansk kulturkunnskap. <u>Grunnkompetanse:</u> Kandidaten har kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i spansk språk og latinamerikastudium (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne).

Krav til forkunnskapar Required Previous Knowledge	Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og baserer seg på fagkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium..
Tilrådde forkunnskapar Recommended previous Knowledge	SPLA259 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA109 og SPLA119.
Studiepoengsreduksjon Credit Reduction due to Course Overlap	SPLA209 (10 stp), SPLA203/253 (10 stp) og SLAN642 (10 stp)
Krav til Studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning Teaching Methods and Extent of Organized Teaching	<p>Studietilbodet inneheld både førelesingar og seminar. Undervisninga går saman med SPLA209. Det vert normalt gitt undervisning fire timar i veka i åtte veker. Det kan også verta aktuelt å organisera undervisninga i større blokker.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance	<p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av undervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Den rettleidde oppgåva som vert omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det vert sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/telefon vert normalt ikkje gitt.</p> <p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>

<p>Vurderingsformer</p> <p>Forms of Assessment</p>	<p><i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i></p> <p>Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 10 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel høvesvis 60 og 40 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA259. Både eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Ein kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med SPLA250-kode i same semester.</p>
<p>Hjelpemiddel til eksamen</p> <p>Examination Support Material</p>	
<p>Karakterskala</p> <p>Grading Scale</p>	<p>Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
<p>Vurderingssemester</p> <p>Assessment Semester</p>	<p>Vår/Haust</p>
<p>Litteraturliste</p>	<p>Pensum (om lag 550 sider) skal innehalda utvalde historiske kjeldetekstar og vitenskaplege artiklar/essays og oversynsverk knytte til desse.</p> <p>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Ein kan i særskilte høve få løyve til å leggja opp pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.</p>
<p>Emneevaluering</p>	<p>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.</p>
<p>Programansvarleg</p>	<p><i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i></p>
<p>Emneansvarleg</p>	

Administrativt ansvarleg Course Administrator	Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon	Studierettleiar kan kontaktast her: Studierettleiar@if.uib.no

ÅRHF-SPLA frå H-17 (jf. endringar BAHF-SPLA)

Studieplan for	ÅRHF-SPLA Årsstudium i spansk og latinamerikastudium
Mål og innhald	Faget har ei klår orientering mot Latin-Amerika og er såleis å rekne som eit språkstudium som tenderer mot eit områdestudium. Studentane skal øve opp dei praktiske evnene i språket og få innsikt i moderne spansk språk. Dei skal òg vinne kunnskap om historie, litteratur, kultur og samfunn i dei spansktalande landa i Latin-Amerika. Studiet gjev også grunnleggjande kunnskapar om Spania.
Tilrådde forkunnskapar	Spansk innføringskurs eller kunnskapar tilsvarande Spansk nivå II frå vidaregåande skole. All undervisning på emna som inngår i årsstudiet i spansk og latinamerikastudium, går føre seg på spansk.
Undervisning og omfang	Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes førelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Sjå emneplanen for det einskilte emnet. Rettleiing per e-post/telefon blir normalt ikkje gitt.
Oppbygging av studiet	Årsstudiet i spansk og latinamerikastudium er bygd opp av disiplinær innan språk, litteratur, kultur og historie. Dei ulike disiplinane er gruppert i seks emne på 10 studiepoeng kvar: Vår: SPLA107 Spansk grammatikk I (10 stp) SPLA108 Latinamerikansk litteratur I (10 stp) SPLA109 Latinamerikansk historie (10 stp) Haust: SPLA117 Spansk grammatikk II (10 stp) SPLA118 Latinamerikansk litteratur II (10 stp) SPLA119 Kultur og samfunn i Latin-Amerika (10 stp) Årsstudiet i spansk og latinamerikastudium kan gå inn i ein bachelorgrad, anten som del av ei spesialisering i spansk og latinamerikastudium eller som støttfag i bachelorgraden. Ei

	spesialisering i spansk og latinamerikastudium (grunnlag for opptak til masterstudium) skal, i tillegg til dei 60 studiepoenga på 100-nivå (årsstudiet), innehalde 30 studiepoeng på 200-nivå.
Vurdering/eksamensformer	Sjå studieplanane for dei einiskilde emna under 'Emneoversikt' på http://miside.uib.no
Oppstart	Årsstudiet i språk og latinamerikastudium startar opp kvart vårsemester, og det er såleis berre mogleg å søkje opptak til årsstudium i spansk med start om våren. Det vert ikkje tilrådd at spanskstudentane startar på 100-nivåstudiet i spansk i haustsemesteret.

Endringar for BAHF-TYS H17

(vedtekne på programstyremøta 19.10.16 og 18.01.17)

TYS111:

- **Obligatoriske arbeidskrav:** Tar med setning om gyldigheitsperioden til arbeidskrava.
- **Vurderingsformer:** Tar bort setning om at eksamen blir arrangert etter Kiel-opphaldet.

TYS112:

- **Obligatorisk undervisningsaktivitet:** Redusert frå tre til to skriftlege øvingsoppgåver. Desse skal vere på 500 ord i staden for 300. Redusert frå to til ein munnleg presentasjon.
- **Vurderingsformer:** Ved fastsetjing av karakter tel no heimeeksamen 50% og munnleg eksamen 50%, mot tidlegare 60% og 40%.

TYS114:

- **Obligatorisk undervisningsaktivitet:** Redusert frå tre til to skriftlege øvingsoppgåver. Redusert frå to til ein munnleg presentasjon.
- **Vurderingsformer:** Ved fastsetjing av karakter tel no skriftleg eksamen 50% og munnleg eksamen 50%, mot tidlegare 60% og 40%. I tillegg eit par mindre språklege endringar.

Emnekode
TYS111
Emnenavn, nynorsk og bokmål
Grunnemne i tysk språk I
Studiepoeng, omfang
15
Studienivå
Bachelor
Undervisningsspråk
Tysk
Undervisningssemester
Vår
Undervisningsstad
Bergen og Kiel
Mål og innhald
Emnet omfattar eit basiskurs i tysk grammatikk og lydlære (fonetikk/fonologi), og oppøving av skriftleg og munnleg meistring av språket. Ved språktreninga blir det teke utgangspunkt i munnlege og skriftlege teksttypar av ulike slag, og det blir arbeid både med bundne (omsetjing, utfyllingsoppgåver, feilrettingsoppgåver m.m.) og friare øvingar (resyme, essay, argumentasjon, intervju, reportasje m.m.).
TYS111 er ein obligatorisk del av spesialiseringa i tysk.
Læringsutbyte
Kunnskap: Studenten

- har gode basiskunnskapar i tysk grammatikk og lydlære, derunder kjennskap til viktige ulikskapar mellom tysk og norsk
- har grunnleggjande kunnskap om sentrale utviklingstrekk i tysk fonetikk/fonologi
- har grunnleggjande kunnskap om tysk grammatisk og fonetisk/fonologisk fagterminologi (herunder òg grunnleggjande kjennskap til fonetisk transkripsjon ved hjelp av IPA-teikn)
- har grunnleggjande kunnskap om skriftleg og munnleg kommunikasjon på tysk

Dugleik:

Studenten

- kan uttrykkje seg godt på tysk både munnleg og skriftleg
- kan bruke grunnleggjande tysk fagterminologi til å analysere tekstar og munnlege uttrykk
- kan bruke enkle syntaktiske analyseverktøy og enkel fonetisk transkripsjon

Grunnkompetanse:

Studenten

- har eit godt grunnlag for å utvida eigen praktisk og teoretisk kompetanse i tysk språk
- er i god stand til å halde fram tyskstudiet på 100-nivå

Krav til forkunnskapar

På grunn av emnet sitt fokus på kontrastive aspekt føreset ein kjennskap til norsk språk.

Tilrådde forkunnskapar

Det blir tilrådd at studentane har kunnskapar og dugleik i tysk som svarer til nivå II frå vidaregåande skule eller tilsvarande.

Studiepoengsreduksjon

TYS111-F (100%)

Krav til studierett

Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

Undervisningsformer og -omfang

- Undervisningstilbodet omfattar forelesingar/seminar og gruppeundervisning som føreset aktiv deltaking frå studentane. **NB!** Undervisninga i delar av TYS111 er lagt til Universitetet i Kiel.
- [Tre](#) dobbeltimar forelesning/seminar + to dobbeltimar gruppeundervisning
- 10 veker i Bergen + 6 veker i Kiel

Obligatoriske undervisningsaktiviteter

Det er oppmøteplikt til 75 % av forelesingane i Bergen.

I løpet av semesteret skal det skrivast fire korte øvingsoppgåver i grammatikk og dessutan to korte øvingsoppgåver i samband med undervisninga i skriftleg praktisk tysk. I tillegg må kvar student i samband med undervisninga i munnleg praktisk tysk halde to presentasjonar à ca. 10 min. Alle arbeidskrava må vere godkjende av faglærer i same semester før ein kan gå opp til skriftleg eksamen i emnet.

Arbeidskrava er gyldige i undervisningssemesteret og det følgjande semesteret.

Vurderingsformer

Vurdering skjer på grunnlag av to eksamensdelar:

Eksamensdel 1 er ein 4 timars skriftleg skuleeksamen (med einspråkleg tysk-tysk ordbok) i grammatikk og skriftleg praktisk tysk ~~som blir arrangert etter Kiel-opphelet~~. Eksamen kan bli digital.

Eksamensdel 2 er ein munnleg eksamen i lydlære og praktisk tysk (ca. 30 min.) som blir arrangert etter den skriftlege skuleeksamenen.

Begge eksamensdelane må vere greidd i same semesteret

Det blir gitt éin samla karakter. Ved fastsetjinga av denne karakteren tel den skriftlege skuleeksamenen (eksamensdel 1) 60%, og den munnlege eksamenen (eksamensdel 2) 40%.

Hjelpemiddel til eksamen

Karakterskala

Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.

Vurderingssemester

Litteraturliste

Pensum omfattar sentrale element i tysk grammatikk og lydlære (jf. Læringsutbyte/resultat), og dessutan lærestoff knytta til praktisk språkbruk.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Emneansvarleg

Administrativt ansvarleg

Institutt for framandspråk

Kontaktinformasjon

studierettleiar@if.uib.no

Emnekode

TYS112

Emnenavn, nynorsk og bokmål

Tyskspråkleg kultur

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå

Bachelor

Undervisningsspråk

Tysk

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Bergen og Kiel

Mål og innhald

Emnet tematiserer ulike aspekt ved tyskspråkleg kultur frå opplysningstida (1760) fram til i dag med utgangspunkt i ulike tekstar og kulturelle uttrykksformer, blant dei skjønnlitterære tekstar, ulike typar sakprosa, film, musikk og biletkunst.

TYS112 er ein obligatorisk del av spesialiseringa i tysk.

Læringsutbyte

Kunnskap:

Studenten:

- skal tileigne seg grunnleggjande kunnskapar om bakgrunnen for det moderne tyske samfunnet og den kulturelle utviklinga i Tyskland.
- har kunnskap om den tyske nasjonsbyggingsprosessen og statsdanninga og særtrekk ved ulike kulturhistoriske periodar

Dugleik:

Studenten:

- skal forstå kulturhistoriske fagtekstar og ulike estetiske uttrykk og kunne arbeide sjølvstendig med desse
- skal kunne arbeide sjølvstendig med ulike media for å tileigne seg forståing av den kulturelle utviklinga i Tyskland

- Grunnkompetanse:

Studenten:

- har grunnleggjande kunnskap om utvalde tema innan tyskspråkleg kultur i perioden frå opplysningstida (1760) fram til i dag,
- har eit reflektert forhold til stoffet

kan analysere ulike kulturelle uttrykk og setje dei inn i historisk og samfunnsmessig samanheng

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

Det blir tilrådd at studentane har kunnskapar og dugleik i tysk som svarer til nivå II frå vidaregåande skule eller tilsvarande.

Studiepoengsreduksjon

TYS112-F (100%)

Krav til studierett

Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

Undervisningsformer og -omfang

- Undervisningstilbodet omfattar forelesingar/seminar og gruppeundervisning. Aktiv deltaking frå studentane er ein føresetnad. **NB!** Undervisninga i delar av TYS112 er lagt til Universitetet i Kiel.
- 2 eller 3 dobbeltimar i Bergen + undervisning i Kiel + bibliotekskurs
- 10 veker i Bergen + 6 veker i Kiel

Obligatoriske undervisningsaktiviteter

Det er oppmøteplikt til 75 % av undervisninga i Bergen.

I løpet av semesteret skal det skrivast ~~tre to~~ korte (ca. ~~300~~ 500 ord) øvingsoppgåver og haldast minst ~~to ein~~ korte-munnlege-presentasjonar.

Arbeidskrava er gyldige i undervisningssemesteret og det følgjande semesteret.

Vurderingsformer

Vurdering skjer på grunnlag av ein sju dagars heimeeksamen og ein munnleg eksamen (ca. 30 min.).

Omfanget på heimeeksamenen skal vere ca. 1500 ord, ikkje medrekna innhaldsoversyn, oppgåveformulering og litteraturliste.

Den munnlege eksamenen er sett saman av ein presentasjon (15 min.) og ein samtale rundt pensum generelt (15 min.).

Begge eksamensdelane må vere greidd i same semesteret.

Det blir gitt éin samla karakter. Ved fastsetjinga av denne karakteren tel heimeeksamenen **60%** 50% og munnleg eksamen **40%** 50%.

Hjelpemiddel til eksamen

Karakterskala

Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.

Vurderingssemester

Litteraturliste

Pensum omfattar ulike tekstar og kulturelle uttrykksformer, blant dei skjønnlitterære tekstar, ulike typar sakprosa, film, musikk og biletkunst.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Emneansvarleg

Administrativt ansvarleg

Institutt for framandspråk

Kontaktinformasjon

studierettleiar@if.uib.no

Emnekode

TYS114

Emnenavn, nynorsk og bokmål

Tyskspråkleg litteratur

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå

Bachelor

Undervisningsspråk

Tysk

Undervisningssemester

Haust

Undervisningsstad

Bergen

Mål og innhald

Emnet omfattar ei generell innføring i historia til den tyskspråklege litteraturen frå ca. 1750 fram til i dag og ei innføring i litterær analyse med utgangspunkt i eit utval litterære verk eller utdrag av verk (epikk, dramatik og lyrikk).

TYS114 er ein obligatorisk del av spesialiseringa i tysk.

Læringsutbyte

Kunnskap:

Studenten:

- har grunnleggjande kunnskap om epokar og utviklingstrekk i den tyskspråklege litteraturhistoria frå romantikken og fram til i dag.
- Er i stand til å tileigne seg forståing og arbeide sjølvstendig med sentrale tyskspråklege skjønnlitterære verk frå ca. 1750 og fram til i dag

Dugleik:

Studenten:

- kan lese og tileigne seg forståing av sentrale tyskspråklege skjønnlitterære verk frå ulike epokar frå ca. 1750 og fram til i dag
- kan setje sentrale verk inn i ein kultur- og litteraturhistorisk kontekst
- kan gjere greie for særdrag ved utviklingstrekk ved tyskspråkleg litteratur og litteraturhistorie

Grunnkompetanse:

Studenten:

- er i god stand til på eiga hand å utvide kunnskapen om og innsikten i tyskspråkleg litteratur og litteraturhistorie
- er godt førebudd på å halde fram tyskstudiet på 200-nivå

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

Det blir tilrådd at studentane har bestått TYS112 eller tilsvarande.

Studiepoengsreduksjon

TYS114-F (100%)

Krav til studierett

Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

Undervisningsformer og -omfang

- Undervisninga skjer i form av forelesingar/seminar og gruppeundervisning. Aktiv deltaking frå studentane er ein føresetnad.
- To eller tre dobbeltimar
- 12 veker

Obligatoriske undervisningsaktiviteter

Det er oppmøteplikt til 75 % av undervisninga.

I løpet av semesteret skal det skrivast ~~tre~~ to korte (ca. 300 ord) øvingsoppgåver og haldast minst ~~to~~ ein korte munnlege-presentasjonar.

Arbeidskrava er gyldige i undervisningssemesteret og det følgjande semesteret.

Vurderingsformer

Eksamen er ein sju dagars heimeeksamen(om lag 1500 ord) og ein munnleg eksamen (ca. 20 minutt). Heimeeksamenen ~~skal~~ kan bygge vidare på ei av øvingsoppgåvene, og den munnlege eksamenen ~~skal~~ kan bygge vidare på den eine munnlege presentasjonen og vere ein presentasjon på om lag 10 minutt. På den munnlege eksamenen ~~blir~~ kan det òg ~~stillast~~ stilt spørsmål om heimeeksamen og pensum elles.

Begge eksamensdelane må vere greidd i same semesteret.

Det blir gitt éin samla karakter. Ved fastsetjinga av denne karakteren tel heimeeksamenen ~~60%~~ 50% og munnleg eksamen ~~40%~~ 50%.

Hjelpemiddel til eksamen

Karakterskala

Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk

Vurderingssemester

Litteraturliste

Pensum omfattar eit utval litterære verk, ei kort innføring i litterær analyse og i litteraturhistoria frå det 18. hundreåret fram til i dag.

Emneevaluering

Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

Programansvarleg

Emneansvarleg

Administrativt ansvarleg

Institutt for framandspråk

Kontaktinformasjon

studierettleiar@if.uib.no

Endringar på MAHF-TYS H17

Endringane vart vedteke på programstyremøtet 19.10.16

TYS307:

- **Vurderingsformer:** Innføring av munnleg eksamen i tillegg til skuleeksamenen. Den munnlege eksamenen skal vere på 30 minutt. Studentane held ein inntil 10 minutt presentasjon. Utover presentasjonen omhandlar den munnlege eksamenen pensum. Den munnlege eksamineringa skal skje i den disiplinen ein ikkje svarar på på eksamen. Ved fastsetjing av karakter tel den skriftlege eksamenen 50% og munnlege eksamenen 50%.
- **Obligatoriske arbeidskrav:** Arbeidskrava er no gyldige i undervisningssemesteret og det følgjande semesteret (mot tidlegare to følgjande semester).
- **Hjelpemiddel til eksamen:** spesifisert kva hjelpemiddel ein har til eksamen i eigen kategori (tidlegare berre i «vurderingsformer»).

TYS308:

- **Vurderingsformer:** Ved fastsetjing av karakter tel no skriftleg eksamen 50% og munnleg eksamen 50%, mot tidlegare 60% og 40%.
- Arbeidskrava er no gyldige i undervisningssemesteret og det følgjande semesteret (mot tidlegare to følgjande semester).

TYS311:

- **Vurderingsformer:** Heimeeksamen redusert frå to til ei veke. Ved fastsetjing av karakter tel no skriftleg eksamen 50% og munnleg eksamen 50%, mot tidlegare 60% og 40%.

Emnekode	Course code
TYS307	TYS307
Emnenavn, nynorsk og bokmål	Course title
Tysk språk- og litteraturvitskap	German language and literature
Studiepoeng, omfang	Credits
15	15
Studienivå	Level of Study
Master	Master
Undervisningsspråk	Language of Instruction
Tysk	German
Undervisningssemester	Course offered

Haust	Autumn
Undervisningsstad	Place of Instruction
Bergen	Bergen
Mål og innhald	Objectives and Content
<p>Den lingvistiske delen av emnet gir ei innføring i sentrale deldisiplinar i tysk (germanistisk) språkvitenskap. Dette kan vere morfologi, syntaks, semantikk, fonologi, orddanning, tekstlingvistikk/tekstgrammatikk, pragmatikk eller fagdidaktikk.</p> <p>Den litteraturvitenskaplege delen av emnet gir ei innføring i sentrale retningar innan moderne litteraturvitenskapleg teori og metode. Dette kan t.d. være metafortheori, sjangerlære, narratologi, hermeneutikk, psykoanalyse, resepsjonsteori, kritisk teori, postkolonial teori eller gender studies.</p> <p>TYS307 er ein obligatorisk del av mastergradsstudiet.</p>	<p>The linguistic part of the course provides an introduction to central subdisciplines in German (Germanic) linguistics. These can include morphology, syntax, semantics, phonology, word formation, text linguistics / text grammar, pragmatics, or didactics.</p> <p>The literature part of the course provides an introduction to central directions in modern literary theory and methods. This can include metaphor theory, genre theory, narrative studies, hermeneutics, psychoanalysis, reception theory, critical theory, postcolonial theory, or gender studies.</p> <p><u>TYS307</u> is a required part of the Master's degree in German.</p>
Læringsutbyte	Learning Outcomes
